



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 14

(2005–2006)

Om Noregs deltaking i den 60. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av
FNs 59. generalforsamling

Innhald

1	Samandrag	5	Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité).	19
1.1	Allment	5	Allmenne spørsmål	19
1.2	Toppmøtet om FN-reform	6	Gjeldshandtering	21
1.3	Generaldebatten	6	Finansiering for utvikling	21
1.4	Komitéarbeidet	6	Råvarer, handel og utvikling	21
1.5	Andre viktige saker. Oppfølginga av toppmøtet	7	Kvinner i utviklingsprosessar	22
1.6	Samarbeidet med andre land og grupper	8	Miljø og berekraftig utvikling	22
			Migrasjon	22
			Korrupsjon	23
			MUL-landa	23
2	Konstituering og val	9	Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)	24
2.1	Avslutning av den 59. generalforsamlinga	9	Allmenne spørsmål	24
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 60. generalforsamlinga	9	Menneskerettssituasjonen i einskildland	25
2.3	Organisering av den 60. generalforsamlinga	9	Urfolk	25
2.4	Konstituering og val	9	Kvinner	26
			Born	26
			Menneskerettar og terrorisme	27
			UNHCR	27
3	Saker handsama i plenum	10	Avkolonisering og fredstryggjande operasjonar (4. komité)	28
3.1	Generaldebatten	10	Vest-Sahara	28
3.2	Toppmøtet om FN-reform	10	Midtausten	28
3.3	Oppfølging av FN-toppmøtet 2005 ..	10	Fredstryggjande operasjonar	28
3.4	Reform av Tryggingrådet	12		
3.5	Fredsbyggingskommisjonen	13		
3.6	Humanitære spørsmål	13		
3.7	Miljø	14		
3.8	Hiv/aids	14		
3.9	Migrasjon	14		
3.10	Afrika-spørsmål	14		
3.11	Regionale konflikhtar	14		
3.12	Havretts- og fiskerispørsmål	15		
3.13	Den internasjonale straffedomstolen	15		
3.14	Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda	16		
3.15	Val av dommarar til Den internasjonale domstolen i Haag ..	16		
3.16	Ungdomsspørsmål	16		
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	17	Juridiske spørsmål (6. komité)	32
4.1	Generelt	17	Allmenne spørsmål	32
4.2	Det multilaterale nedrustingsmaskineriet	17	Terrorisme	32
4.3	Kjernevåpen	17	Vern av FN-personell	32
4.4	Handvåpen	18	Andre spørsmål	33
4.5	Reform	18		

Vedlegg		4	Oversikt over Noregs innlegg	
1	Tale av Kjell Magne Bondevik, statsminister i Noreg	34	5	under den 60. generalforsamlinga . 39
2	Tale av Jan Petersen, utanriksminister	35	6	FN sine medlemsland og
3	Programbudsjettet 2006–2007	38	7	bidragsskalaen 41
				FN-systemet 48
				Forkortingar 49

St.meld. nr. 14

(2005–2006)

Om Noregs deltaking i den 60. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FNs 59. generalforsamling

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 28. april 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Allment

Heilt frå opninga av generalforsamlinga og til utgangen av året var reformprosessen det dominerande temaet under FNs 60. generalforsamling. Først gjennom til dels vanskelege forhandlingar før toppmøtet 14.–16. september, som til slutt enda opp med ei toppmøteerklæring, sidan gjennom ei oppfølging i form av nye forhandlingar om vedtak i komitear og i plenum.

Gjennom heile toppmøteprosessen og i tida etter vart forhandlingane til dels sterkt prega av motsetningane mellom «nord» og «sør», med høve svis u-landsgruppa G77/Den alliansefrie rørsla (NAM) og USA/EU i spissen. Debatten om reform vart sterkt prega av USA si vektlegging av at det trengst administrative reformer, noko som av den alliansefrie rørsla vart oppfatta som berre ei vestleg sak. Frå utviklingslanda si side vart det med styrke hevda at reform av FN bør sjåast i høve til om ein sikrar meir ressursar til utviklingsføremål. Eit anna

konfliktområde, som heng saman med det første, men som vart skjerpt under den 60. generalforsamlinga, var spenninga mellom Generalforsamlinga og Tryggingrådet. Det kan med ein viss rett hevdast at freistnaden på å endre samansetjinga av Tryggingrådet, som vart leidd av gruppa på fire land med ambisjonar om fast plass; Japan, India, Tyskland og Brasil (G4), medverka til å spisse desse motsetningane.

Dei motsetningstilhøva som alltid vil prege ein organisasjon med tilnærma universelt medlemskap har vorte ytterlegare forsterka av at generalsekretærens posisjon har vorte svekt. Autoriteten og omdømmet til generalsekretæren har vorte påverka av avsløringar i samband med olje-format programmet, som vart dokumenterte i fleire rapportar i 2005. Sjølv om det var spekulasjonar på eit tidspunkt om at generalsekretæren måtte trekkje seg, vart stormen ridd av, og Annan vil sitje trygt ut perioden sin. Perioden hans er likevel snart over, og ein ny generalsekretær vil verte valt, kanskje så

tidleg som i juli 2006. Derfor vil mange meiner at Annan vanskeleg kan påverke den vidare reformprosessen. På den andre sida skal det òg understrekast at ansvaret for å sjå til at vedtaka på toppmøtet om reform vert gjennomførde, i siste instans ligg hjå medlemslanda sjølve.

I tilknytning til opninga av generalforsamlinga organiserte Noreg to sidearrangement. For å setje fokus på kvinnene i Sudan si rolle i oppnåinga av tusenårsmåla og for å vidare følgje opp arbeidet om rolla deira i kjølvatnet av fredsavtala, arrangerte UD i samarbeid med UNIFEM ein rundebordsdebatt 13. september. Dåverande utviklingsminister Hilde Frafjord Johnson var hovudinnleiar saman med den dåverande utanriksministeren i Sudan. Boka *Towards Achieving the MDGs in Sudan: Centrality of Women's Leadership and Gender* vart òg lansert. Den nye høgnivåkommisjonen for fattigdes bruks- og eigedomsrettar vart presentert i eit arrangement i FN-bygget dagen før opninga av toppmøtet. Oppnemninga av kommisjonen har hatt sterk norsk støtte, og generalsekretæren har ønskt kommisjonen velkomen som eit viktig bidrag til å nå tusenårsmåla, gjennom mobilisering av ressursar i den store uformelle sektoren i utviklingslanda og styrking av rettsstaten. Blant medlemmene i kommisjonen er Madeleine Allbright, Gordon Brown og Hilde Frafjord Johnson.

1.2 Toppmøtet om FN-reform

Resultatet av toppmøtet svarte ikkje til dei høge forventningane som var skapte før møtet, og som generalsekretæren sjølv la opp til i rapporten sin «In Larger Freedom». Frå norsk side må utfallet likevel kunne karakteriserast som ei god byrjing på ein reformprosess som er høgst naudsynt, og der mykje står att. Toppmøteerklæringa inneheld mellom anna vedtak om oppnemninga av ein fredsbyggingskommisjon og eit menneskerettsråd. I tillegg inneheld erklæringa ei universell stadfesting av tusenårsmåla og tek til orde for reformer av administrasjonen i FN. Erklæringa inneheld òg formuleringar som langt på veg inneber allmenn aksept av prinsippet om at statane har ansvar for vern av sivile. Alt dette er tiltak som sett med norske auge er positive, og som peikar i rett retning av eit reformert FN. På den negative sida kjem manglande omtale av tiltak om nedrusting og ikkje-spreiing, eit område som Noreg aktivt gjekk inn for å sikre resultat på. Toppmøtet klarte heller ikkje å semjast om ein definisjon av terrorisme. Sjølv om det ikkje var å vente, er det også leitt at freistnadene på å få

til ei balansert utviding av Tryggingrådet nok ein gong feila.

Toppmøtet oppmoda generalsekretæren om å legge fram forslag til ytterlegare reformar av FN sine operasjonelle aktiviteter. Statsminister Jens Stoltenberg har takka ja til generalsekretæren si førespurnad om å vere med å leie eit høgnivåpanel som skal sjå på korleis ein betre kan organisere arbeidet til FN med humanitær hjelp og utviklings- og miljøhjelp. Panelet skal legge fram rapporten sin til den 61. generalforsamlinga.

1.3 Generaldebatten

Generaldebatten i år var dominert av oppfølginga og iverksetjinga av toppmøteerklæringa og tusen årsmåla. Vestlege land med USA i spissen argumenterte sterkt for behovet for FN-reform på alle område, medan utviklingslanda la mest vekt på utviklingsaspektet. Eit overveldande fleirtal av landa gav uttrykk for at dei var svært nøgde med at tusenårsmåla gjennom toppmøteerklæringa fekk universell oppslutning, og at fleire land vil auke den offisielle utviklingshjelpa. Behovet for at medlemslanda følgjer opp forpliktingane sine, vart understreka. Noreg og nokre andre gjevarland viste til behovet for overvakingsmekanismar i denne samanhengen.

I debatten var mange òg opptekne av reform av Tryggingrådet. Manglande resultat med omsyn til nedrusting og ikkje-spreiing vart òg omtalt av ei rekkje land, og Noreg saman med dei andre landa i 7-landsinitiativet vart oppmoda av mellom andre generalsekretæren til å arbeide vidare med saka. Regionale konflikhtar kom meir i bakgrunnen enn tidlegare. Når det gjaldt Midtausten, vart Israels innlegg i større grad enn tidlegare oppfatta som ei utstrekkt hand til FN og den arabiske verda, og det var mindre konfronterande utfall frå arabisk hald, med unntak av Iran. Nedkjemping av terrorisme var eit tema mange land la vekt på, ikkje minst Russland, som minna om behovet for å fullføre forhandlingane om ein internasjonal terrorismekonvensjon.

1.4 Komitéarbeidet

Arbeidet i 1. komité vart i stor grad prega av den feilslåtte tilsynskonferansen for avtala om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT). Det er verdt å merke seg at det òg vart votert over ei rekkje resolusjonar som tidlegare vart vedtekne med konsensus. Intense toppmøteforhandlingar om utviklings-

spørsmål førte til at lufta i nokon grad gjekk ut av 2. komité hausten 2005. Det var få spørsmål det var avgjerande viktig å verte samde om. Toppmøtet sette òg preg på arbeidet i 3. komité. Vanskelege forhandlingar før og under oppfølginga av toppmøtet førte til at dei vanlegvis heite og politiserte forhandlingane i komiteen vart meir dempa. Noreg presenterte heile tre resolusjonar under sesjonen: 1) CEDAW-resolusjonen, 2) resolusjon om vern av internflyktningar og 3) resolusjon om menneskerettsforsvararar. Alle resolusjonane fekk brei støtte. I 4. komité var det enno ein gong situasjonen i Midtausten som fekk størst merksemd. Reformprosessen sette òg preg på arbeidet i 5. komité, der det frå amerikansk og EU si side vart gjort koplingar mellom budsjettet og framgang i reformfreistnadene. Resultatet vart at i staden for eit vanleg vedtak om eit toårig budsjett, vart det i budsjettresolusjonen lagt inn ein mekanisme som inneber at generalsekretæren berre har fullmakt til å pådra organisasjonen økonomiske skyldnader for eit halvt års forbruk. Frå norsk side meinte vi at dette i utgangspunktet ikkje var noka god løysing for arbeidet i FN. Forhandlingane og debatten i 6. komité gjekk føre seg i ein konstruktiv atmosfære. Det vart vedteke ein tilleggsprotokoll om bruksområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell til òg å gjelde humanitært og sivilt personell som deltek i FN-operasjonar.

1.5 Andre viktige saker. Oppfølginga av toppmøtet

Fredsbyggingskommisjon

Ein har lenge sett at det har vore eit gap med omsyn til FN sine aktivitetar i land som har kome ut av konflikt. FN har mangla dei naudsynte verk tøya for å skape stabilitet og starte økonomisk og sosial vekst. Etter lange forhandlingar vart resolusjonen som operasjonaliserer toppmøtevedtaket om oppnemninga av ein fredsbyggingskommisjon, vedteken 20. desember. Forhandlingane som førte fram til vedtaket, var prega av dei same motsetningane som er omtalt ovanfor. Diskusjonen kom i stor grad til å dreie seg om rapporteringslinjer, talet på medlemmer og kven som skal ha plass i den organisatoriske komiteen. Det skapte negative reaksjonar at dei fem faste medlemene av Tryggingrådet heldt på retten til fast plass i denne òg.

Menneskerettsrådet

Trass i ambisjonen til presidenten i Generalforsamlinga vart det ikkje semje om å oppnemne eit menneskerettsråd innan utgangen av året.

Etter lange forhandlingar vedtok FN's generalforsamling 15. mars 2006 å opprette eit MR-råd til erstatning for MR-kommisjonen. Resolusjonen blei etter krav frå USA vedteken med votering, der 170 statar stemte for, USA, Israel, Marshall-øyene og Palau stemte mot og 3 statar avstod frå å stemme. USA var uroa over samansettinga av rådet og ville ha garantiar for at det ikkje skulle bli dominert av land som er kjende for grove menneskeretsbrot.

Den viktigaste skilnaden frå dagens Menneskerettskommisjon, og det som gjer etableringa historisk, er at FN's menneskerettsarbeid er oppgradert, ved at Rådet no skal vere direkte underlagt Generalforsamlinga. Dessutan vil Menneskerettsrådet vere eit permanent organ og ikkje berre møtast til ein sesjon ein gong i året. Dette gjer at rådet på ein heilt annan måte enn kommisjonen kan overvake menneskerettssituasjonen i verda.

Reform av FN's administrasjon

Arbeidet med å reformere FN's administrasjon kom nokre steg vidare under den 60. generalforsamlinga. Det vart mellom anna oppnådd semje om å etablere eit etikk-kontor i sekretariatet, å oppnemne ein uavhengig rådgjevande revisjonskomité og å gje generalsekretæren fullmakt til å omrokere opptil 50 stillingar. Dette er berre ei byrjing, og medlemslanda, inkludert Noreg, har stilt krav om ytterlegare tiltak på dette viktige området.

Humanitære spørsmål

Under debatten om styrking av FN si samordning av humanitær hjelp tok Noreg og mange andre land opp behovet for nye strategiske grep i FN for å sjå humanitært samarbeid og langsiktig utviklingssamarbeid i samanheng. Semja om etableringa av eit oppgradert fond (Central Emergency Response Fund) representerte eit av dei konkrete oppfølgingsvedtaka frå toppmøtet i 2005.

FN-konvensjonen av 9. desember 1994 om vern av FN-personell og assosiert personell har vist seg å gi for snevert vern, særleg for humanitært og anna sivilt personell som deltek i FN-operasjonar. Forhandlingane om ein tilleggsprotokoll som utvidar bruksområdet for konvensjonen, vart sluttførde under den 60. generalforsamlinga, og protokollen vart vedteken med konsensus. Dette var eit

viktig steg i arbeidet med å sikre trygge arbeidsvilkår for deltakarar i humanitære operasjonar.

Terrorisme

Vedtakinga av konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme i mai 2005 gav terrorismearbeidet i FN eit etterlengta løft etter mange år med stillstand når det gjeld spørsmålet om ein definisjon på terrorisme – det spørsmålet som står att og hindrar ein omfattande terrorismekonvensjon. Difor var det òg von om at ein under den 60. generalforsamlinga skulle kome fram til semje om definisjonsspørsmålet. Dette vart òg understreka i toppmøteerklæringa. Arbeidsgruppa makta ikkje å kome til semje om definisjonsspørsmålet, og forhandlingane om den omfattande konvensjonen held fram våren 2006.

1.6 Samarbeidet med andre land og grupper

Noreg har også under den 60. generalforsamlinga lagt stor vekt på samarbeidet med andre land og grupper som til dømes EU. I tillegg til å framføre norske synspunkt i alle fora der reform vart drøfta, fekk Noreg under innspurten av toppmøteforhandlingane oppgåva med å representere Norden. Dette utgjorde ei ny side ved det nordiske samarbeidet i FN, som utvilsamt har vorte svekt etter at dei andre nordiske landa (med unntak av Island) vart medlemmer i EU. Norden utgjer framleis ei gruppe som i somme tilfelle kan opptre på eiga hand, og då innanfor dei rammene som EU-samarbeidet set for dei nordiske EU-medlemene. Samarbeidet med einskilte NAM-land (særleg afrikanske land) om reformspørsmål vart vidareutvikla under sesjonen.

Det er framleis naturleg for Noreg å samarbeide nært med EU, som utvilsamt er eit tyngdepunkt i Generalforsamlinga. Noreg står difor relativt ofte tilslutta EU-innlegg. I tillegg deltek vi aktivt i JUSCANZ (Vestgruppa utanom EU).

2 Konstituering og val

2.1 Avslutning av den 59. generalforsamlinga

Den 59. generalforsamlinga vart formelt avslutta
12. september 2005.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 60. generalforsamlinga

Til å representere Noreg på FNs 60. generalfor
samling vart denne delegasjonen oppnemnd:
Statsminister Kjell Magne Bondevik, leiar
Utanriksminister Jan Petersen, nestleiar
Ambassadør Johan Ludvik Løvald

Stortingsrepresentantar:

1. del av sesjonen

Ågot Valle
Christopher Stensaker
Svein Roald Hansen
Elisabeth Røbekk Nørve
Rune J. Skjælaaen
Martin Engeset

2. del av sesjonen

May Helen Molvær Grimstad
Ivar Kristiansen
Eva Nielsen
Thore Nistad
Torgny Pedersen

Observatørar:

Landsorganisasjonen i Noreg, LO

Næringslivets Hovudorganisasjon, NHO
FOKUS
FORUM
Mellomkyrkjeleg råd
Noregs fredsråd
FN-sambandet
Den Norske Helsingsforskomiteen
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsor
ganisasjonar (LNU)

2.3 Organisering av den 60. generalforsamlinga

Den 60. generalforsamlinga vart opna 13. septem
ber. Generaldebatten byrja 17. september og vart
avslutta 28. oktober.

2.4 Konstituering og val

Den 60. generalforsamlinga valde Jan Eliasson, tid
legare statssekretær i Sverige, til president. Den
60. generalforsamlinga valde desse fem landa som
nye, ikkje-faste medlemmer av Tryggingsrådet for
perioden 2006–2007: Ghana, Kongo, Nicaragua,
Qatar og Slovakia. Den 60. generalforsamlinga
valde desse 18 statane som nye medlemmer av ECO
SOC for perioden 2006–2008: Angola, Austerrike,
Benin, Cuba, Frankrike, Guinea-Bissau, Guyana,
Haiti, Japan, Madagaskar, Mauritania, Paraguay,
Saudi-Arabia, Spania, Sri Lanka, Tsjekkia, Tyrkia
og Tyskland.

3 Saker handsama i plenum

3.1 Generaldebatten

Generaldebatten i år var totalt dominert av oppfølginga og iverksetjinga av toppmøteerklæringa, med mykje fokus også på tusenårsmåla. Innlegga bar såleis i stor grad preg av mange av synspunkta som kom fram under forhandlingane om toppmøteteksta. Vestlege land med USA i spissen argumenterte sterkt for behovet for FN-reform på alle område, medan utviklingslanda la mest vekt på utviklingsaspektet. Eit overveldande fleirtal av landa gav uttrykk for at dei var svært nøgde med at tusenårsmåla gjennom toppmøteerklæringa fekk universell oppslutning, og at fleire land vil auke den offisielle utviklingshjelpa. Behovet for at medlemslanda følgjer opp forpliktingane sine, vart understreka. Noreg og nokre andre gjevarland viste til behovet for overvakingsmekanismer i denne samanhengen.

Tryggingsrådsreform fekk òg ein del merksemd i debatten, særleg frå land tilhøyrande G4-krinsen (Tyskland, Japan, Brasil og India) og konsensusgruppa (leia av Pakistan og Italia) med tilsvarende motstridande argument. Manglande resultat med omsyn til nedrusting og ikkje-spreiing vart òg omtalt av ei rekkje land, og Noreg saman med dei andre landa i 7-landsinitiativet vart oppmoda av mellom andre generalsekretæren til å arbeide vidare med saka. Regionale konflikter kom meir i bakgrunnen enn tidlegare. Når det gjaldt Midtausten, vart Israels innlegg i større grad enn tidlegare oppfatta som ei utstrekkt hand til FN og den arabiske verda, og det var mindre konfrontierende utfall frå arabisk hald, med unntak av Iran. Irak vart relativt lite omtalt. Nedkjemping av terrorisme var eit tema mange land la vekt på, ikkje minst Russland, som minna om behovet for å fullføre forhandlingane om ein internasjonal terrorisamekonvensjon.

3.2 Toppmøtet om FN-reform

To dagar før opninga av generaldebatten vart toppmøtet om FN-reform halde. Statsminister Bondevik leidde den norske delegasjonen. Utanriksminister Petersen og utviklingsminister Frafjord

Johnson deltok òg. Utfallet av toppmøtet vart semje om eit sluttdokument som tek til orde for reform av fleire sentrale sider ved FN's virke. Dei viktigaste vedtaka var oppnemning av ein fredsbyggingskommisjon og eit menneskerettsråd, stadfesting av tusenårsmåla for avskaffing av fattigdom innan 2015 og reformer av FN's administrasjon. I tillegg slutta toppleiarane seg til prinsippet om at alle statar har eit ansvar for å verne sivile mot folkemord, krigsbrottsverk, etnisk reinsing og brottsverk mot menneskje. Mest skuffande var mangelen på omtale av nedrusting og ikkje-spreiingstiltak, der Noreg arbeidde svært aktivt for å få til resultat. Det vart heller ikkje oppnådd semje om ein definisjon av terrorisme eller om reform av Tryggingsrådet.

Sjølv om den endelege teksta er prega av til dels utvatna konsensusbasert språk og på langt nær er så ambisiøs som vi hadde ønskt og som generalsekretæren la opp til i rapporten sin, «In lar ger freedom», legg dokumentet eit godt grunnlag for vidare reformfreistnader. Forhandlingane før toppmøtet og forhandlingane knytte til iverksetjinga av dei målsetjingane som går fram av toppmøteerklæringa, har vore prega av til dels sterke motsetningar mellom «nord» og «sør» (G77 og USA/EU) og mellom Generalforsamlinga og Tryggingsrådet.

3.3 Oppfølging av FN-toppmøtet 2005

20. desember vedtok Generalforsamlinga og Tryggingsrådet å oppnemne Fredsbyggingskommisjonen. I tillegg til vedtaket om å etablere eit oppgradert naudhjelpsfond (CERF) var dette det viktigaste konkrete resultatet av toppmøtet så langt. Forhandlingane vart langt vanskelegare enn ein hadde venta, på grunn av dei motsetningane som er nemnde ovanfor i punkt 3.2. Resultatet vart at debatten i liten grad handla om arbeidsoppgåvene til kommisjonen, men vart ein dragkamp mellom dei som ønskte ei sterk rolle for Tryggingsrådet, og dei som såg Fredsbyggingskommisjonen som eit høve til å jamne ut makttilhøvet mellom Tryggingsrådet på den eine sida og Generalforsamlinga og ECOSOC på den andre. Resultatet vart at Tryg

Om Noregs deltaking i den 60. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 59. generalforsamling

gingsrådet i stor grad vil setje dagsordenen. Kom misjonens organisasjonskomité, som de facto er kommisjonen, får 31 medlemmer. Av desse skal sju medlemmer veljast frå og av Tryggingsrådet, sju frå ECOSOC, fem av dei ti største finansielle bidragsytarane og fem av dei ti største troppebi dragsytarane, og sju medlemmer skal veljast direkte frå Generalforsamlinga. Tryggingsrådet har alt gjeve sine fem faste medlemmer fast plass i organisasjonskomiteen. Noreg er ein av dei valføre finansielle bidragsytarane. Kommisjonen er venta å tre i kraft våren 2006. Kva landsituasjonar som i første rekkje vil kome på dagsorden, kjem til å verte ein dragkamp mellom ulike interesser.

Ikkje uventa viste dei eigentlege forhandlingane om retningslinene for eit nytt menneskerettsråd, med oppstart i veka etter at arbeidet i tredje komité var fullført, seg utfordrande. Anna var då heller ikkje å vente etter at ein før toppmøtet i september langt på veg måtte melde pass i søkinga etter meir enn ei minimumsløysing. Frå generalforsamlingspresident Eliasson var det ei uttalt målsetjing å slutføre forhandlingane om eit menneskerettsråd i 2005 for å kunne gjennomføre naudsynte førebuingar før Menneskerettskommisjonen sin truleg siste sesjon i mars–april 2006. Dette viste seg å vere umogleg, og forhandlingane vart vidareførde 11. januar. Etter lange forhandlingar vedtok FN's generalforsamling 15. mars 2006 å opprette eit MR-råd til erstatning for MR-kommisjonen.

Arbeidet med å reformere FN's administrasjon har kome nokre steg vidare, mellom anna ved semje om å etablere eit etikk-kontor, iverksetjing av ei uavhengig evaluering av revisjonsprosessane, gjennomgang av mandat som er eldre enn fem år, osv. I mars 2006 la generalsekretæren fram ein rapport med framlegg om fleire administrative reformar, som Generalforsamlinga vil ta stilling til. Motsetningane mellom G77 og USA/EU har vore openberre på dette området òg, med skulding frå G77-land om at dette berre speglar ein vestleg agenda.

Når det gjeld oppfølginga av utviklingsspørsmål i toppmøteerklæringa, leverte gjevarlanda på mange måtar før toppmøtet; dette gjeld både EUs opptopping av den offisielle utviklingshjelpa og G8s gjeldssletteinitiativ og Afrika-fokus. Når ein òg lukkast med å verte samde om ei substansiell tekst om utviklingsspørsmål i toppmøteerklæringa, stod ein i desse spørsmåla i ein annan situasjon enn det ein gjorde med omsyn til Fredsbyggingskommisjonen, Menneskerettsrådet, CERF og administrativ reform. Likevel meinte utviklingslanda at ein ikkje heilt kunne sleppe tak i utviklingsspørsmåla, og det vart difor etter kvart bestemt at ein også under

generalforsamlinga skulle leggje opp til konsultasjonar om utvikling i to spor: eitt om oppfølginga av toppmøtet generelt og eitt om ECOSOC-reform. Med omsyn til førstnemnde var intensjonen å få avklart nærare kva organ som skulle følgje opp kva forpliktingar i toppmøteerklæringa, samt sørge for at det vart etablert mekanismar for å kontrollere at dette faktisk vart gjort. Kynisk sett kan dette skil drast meir som ein eksersis for å gje inntrykk av aktivitet også på utviklingsområdet for å demme opp for kritikk frå G77 om einsidig fokus på den «vestlege reformagendaen». Det er likevel von om at ein vil lukkast med å gjere einskilde vedtak for å gjere ECOSOC meir relevant som «overvakar» av status for oppnåing av tusenårsmåla og meir attraktiv som møteplass. Det synest for eksempel å gå i retning av at ein i ein årleg «Ministerial Review» på hovudsesjonen til ECOSOC freistar å samle også overvakingssoppgåvene til andre organisasjonar i eit felles møtepunkt for tusenårsmål, mellom anna. I denne samanhengen ønskjer ein å trekkje inn bidrag frå Verdsbanken og OECD/DAC.

Ei anna hovudsak er å gje ECOSOC ei tyngre rolle i utviklingsspørsmål ved mellom anna å etablere eit årleg utviklingsforum på ECOSOC sin sesjon. Dei andre framlegga til endringar i ECOSOC er førebels relativt kosmetiske, men det ligg fleire omstridde tema under overflata, særleg når det gjeld medlemslandas kontra generalsekretærens autoritet med omsyn til humanitær hjelp og prioriteringane til FN's utviklingsorganisasjonar. Når det gjeld dei konkrete vedtaka om utviklingsspørsmåla i toppmøteerklæringa, visest det til den seinare omtala av resultatane frå miljø- og utviklingskomiteen (2. komité).

I punkt 57 g) av toppmøteerklæringa stadfesta statsleiarane målet om universell tilgang til reproduktive helsetenester innan 2015, og vidare at denne målsetjinga skulle integrerast i det rammeverket som er etablert for å «måle» utviklinga i høve til dei såkalla tusenårsmåla. Noreg var sentral i arbeidet med utforminga av denne teksta. I etterkant av toppmøtet vart det likevel klart at ei slik inkludering i rammeverket for tusenårsmåla, med eit eige mål og eigne indikatorar for reproduktiv helse, ikkje var like velkomen hjå alle. Saman med Nederland og dei andre nordiske landa engasjerte Noreg seg for å sikre at toppmøteerklæringa på dette punktet vart etterlevd i praksis, mellom anna med brev frå dei nordiske utviklingsministrane til ulike leiarar i FN-systemet. Eit eige mål for reproduktiv helse vil no verte inkludert i rammeverket for tusenårsmåla, men vil i påvente av generalsekretærens rapport om toppmøteoppfølginga ikkje verte gjennomført før i 2006.

I punkt 169 i toppmøteerklæringa erkjente statsleiarane i verda behovet for ei effektivisering av miljøaktivitetane i FN-systemet og var samde om å greie ut om det kan skapast eit meir einsarta institusjonelt rammeverk for å imøtekomme dette behovet. Presidenten i generalforsamlinga har teke opp denne tråden, og konsultasjonar mellom medlemslanda for å bringe denne reformagendaen vidare vil finne stad i 2006. Noreg er mellom dei landa som har teke til orde for å etablere ein meir vidtfemnande FN's miljøorganisasjon, grunna på det noverande FN's miljøprogram (UNEP).

I formuleringane om eit meir heilskapleg FN på landnivå heiter det at FN's øvste representant (det vere seg generalsekretærens spesialrepresentant eller dei stadlege representantane for FN) må gje vast meir autoritet og ressursar, men òg verte meir ansvarleg for heilskapen. I tråd med norske syns punkt vert det òg peikt på at rammeverket for leiing, programutforming og evaluering må verte meir heilskapleg i dei einskilde landa. Det er likevel fleire land som ikkje er så glade i eit altfor straumlineforma FN; USA er uroleg for at ikkje løyvde midlar fullt ut skal kunne følgjast fram til utbetaling. Somme større utviklingsland ser seg heller ikkje tente med at FN er for samkøyrte og sterk som partnar overfor nasjonale styresmakter.

Toppmøtet oppmoda generalsekretæren om å leggje fram forslag til meir omfattande reformar av dei operasjonelle aktivitetane til FN. I etterkant av toppmøtet oppretta generalsekretæren eit høgnivå panel for å sjå på korleis ein betre kan organisere arbeidet til FN med humanitær hjelp og utviklings og miljøhjelp. Statsminister Jens Stoltenberg har takka ja til ein førespurnad frå generalsekretæren om å leie dette panelet, saman med statsministrane frå Pakistan og Mosambik. Panelet skal leggje fram sin rapport til den 61. generalforsamlinga.

3.4 Reform av Tryggingrådet

Spørsmålet om utviding av Tryggingrådet over skygde svært ofte andre viktige tema i prosessen som førte fram til toppmøtet 2005. Det har òg hatt innverknad på oppfølgingsprosessen fordi sentrale støttespelarar har sett oppnemninga av Fredsbyggingsskommisjonen som ein kompensasjon for manglande utviding av Tryggingrådet, og både Tyskland og Japan vurderer difor nærast kommisjonen som sin. Trykket gjekk likevel ut av G4-initiativet (Tyskland, Japan, India og Brasil) før toppmøtet, og det er ingen som har bruka mykje tid på sjølv utvidingsspørsmålet sidan generaldebatten.

Det er brei semje om at det er behov for å utvide Tryggingrådet for at Rådet skal spegle dei geografiske realitetane på 2000-talet. På den andre sida er det så stor usemje om korleis utvidinga skal gjerast, at dei ulike partane nøytraliserer kvarandre. Ein lukkast ikkje å kome fram til semje i samband med toppmøtet, og spørsmålet vart difor overlata til presidenten for den 60. generalforsamlinga, som vart beden om å leggje fram ein rapport om status for spørsmålet før utgangen av 2005.

Presidentens rapport har likevel ikkje noko framlegg til korleis ein skal løyse den gordiske knuten. På ei side står G4-landa Japan, Tyskland, India og Brasil, som ønskjer utviding til 25 plassar og fast medlemskap for seg sjølve. På ei anna side står «konsensusgruppa», leidd av Italia og Pakistan, som motset seg ei utviding av Tryggingrådet utan at det skjer med konsensus. Konsensusgruppa er mot nye faste medlemmer. Den formelle grunngevinga er at ei slik reform vil vere så fundamental at ho berre kan gjennomførast dersom alle er samde. Men under ligg ei uro over dei endringane i regional maktfordeling ei utviding med nye faste medlemmer vil føre til. USA ønskjer Japan, som nest største bidragsytar til FN, som nytt fast medlem og kan godta ei utviding til 21–22 medlemmer. Kina vil blokkere Japans tilgang til Tryggingrådet inntil Japan tek eit skikkeleg oppgjør med krigshistoria si. Den afrikanske unionen ønskjer utviding til 26 medlemmer, og to av desse skal vere faste medlemmer frå Afrika, med veto.

Det var nettopp AU's krav om 26 medlemmer og veto som i juli/august 2005 hindra G4 i å leggje fram framlegget sitt til ein resolusjon. G4 var heilt avhengig av afrikansk støtte for å få naudsynt fleirtal for resolusjonen sin. Men dei afrikanske krava ville ikkje oppnå naudsynt fleirtal, og dermed ville òg eit G4-framlegg ha vorte røysta ned.

President Eliassons løysing er å halde fram arbeidet i den såkalla opne arbeidsgruppa for utviding av Tryggingrådet. Denne arbeidsgruppa har no fungert i nærare 15 år utan å ha medverka til å kome nærare noka løysing.

Det einaste som kan bringe prosessen framover no, er at fleire av partane justerer primær standpunktet sitt. Det vert arbeidd med å utvikle nye posisjonar som skal auke sjansane for semje, men dette vil truleg ta tid.

I tillegg til spørsmålet om utviding har det parallelt vore ein diskusjon om arbeidsmetodane til Tryggingrådet. Ei gruppe på fem land, Costa Rica, Jordan, Liechtenstein, Singapore og Sveits (også kalla little-P5) har sirkulert eit utkast til generalforsamlingsresolusjon. Stikkord er ansvarleggjing av medlemmene, meir openheit i arbeidet til Tryg-

Om Noregs deltaking i den 60. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 59. generalforsamling

gingsrådet og fastlagde prosedyrar og vilkår for når P5 kan bruke veto. P5, særleg USA, har avvist ideen, med den grunngjevinga at Tryggingrådet sjølv fastset møteføresegnene sine.

3.5 Fredsbyggingskommisjonen

FN har gode resultat når det gjeld å forhindre krig mellom statar, men har organisatoriske veikskapar som gjer effektiv samordning vanskeleg når det gjeld å førebyggje eller stanse interne konflikhtar og hjelpe svake statar som nyleg har kome ut av ein intern konflikt. Med bakgrunn i dette vedtok topp møtet i september 2005 at det skulle oppnemnst ein fredsbyggingskommisjon, og ein bad general sekretæren etablere eit støttekontor for fredsbygging i FN-sekretariatet og eit fleirårig ståande fond for fredsbygging.

Like før jul vart Fredsbyggingskommisjonen oppnemnd ved vedtak i Generalforsamlinga og Tryggingrådet. Noreg la i forhandlingane vekt på at kommisjonen måtte få den naudsynte fleksibiliteten til å kunne gje raske råd i spesifikke landsituasjonar, og at arbeidet måtte rettast inn mot å betre tilhøva for dei konfliktramma landa. Ein la vidare vekt på at ressursmobilisering ville verte ei viktig oppgåve. Forhandlingane vart langt vanskelegare enn ein hadde venta på førehand, og handla i liten grad om arbeidsoppgåvene til kommisjonen. Diskusjonen gjekk mellom dei som ønskte ei sterk rolle for Tryggingrådet, og dei som såg Fredsbyggingskommisjonen som eit høve til å jamne ut makttilhøvet mellom Tryggingrådet på den eine sida og Generalforsamlinga og ECOSOC på den andre. Resultatet vart at Tryggingrådet i stor grad vil setje dagsordenen for arbeidet til kommisjonen.

Fredsbyggingskommisjonen vil, i tillegg til å mobilisere ressursar, medverke til tidleg å samle dei viktigaste aktørane som er aktive i dei aktuelle landsituasjonane i overgangen frå krig til fred, rundt heilskaplege fredsbyggingsstrategiar. Dette gjeld FN-systemet, viktige gjevarland, troppebidragsytarar, regionale aktørar, internasjonale finansinstitusjonar og representantar frå det landet det gjeld. Det er særskilt nemnt at det er viktig å ta med kvinnene sin situasjon i konflikhtar.

Kommisjonens organisasjonskomité, som de facto er kommisjonen, får 31 medlemmer. Av desse skal sju medlemmer veljast frå og av Tryggingrådet, sju frå ECOSOC, fem av dei ti største finansielle bidragsytarane til FN totalt sett og fem av dei største troppebidragsytarane, og sju medlemmer skal veljast direkte frå Generalforsamlinga. Noreg er per i dag ein av dei valføre finansielle

bidragsytarane. Kommisjonen er venta å tre i kraft og starte arbeidet sitt våren 2006.

Støttekontoret for fredsbygging vil mellom anna vere sekretariat for Fredsbyggingskommisjonen og medverke til strategisk tenking i planleggingsprosessen i fredsbyggingsoperasjonar. Fondet for fredsbygging skal gje rask assistanse til fredsbyggingsaktivitetar i ein tidleg fase. Noreg har lova 200 millionar kroner til fondet.

3.6 Humanitære spørsmål

Debatten om styrking av FN's samordning av humanitær hjelp tok naturleg nok utgangspunkt i dei ferske erfaringane frå naudhjelpsarbeidet i Pakistan. Mange tok opp behovet for nye strategiske grep i FN for å sjå humanitær hjelp og lang siktig utviklingssamarbeid i samanheng. OCHA og særleg naudhjelpssamordnar Jan Egeland fekk mykje ros for den måten arbeidet etter jordskjelv katastrofa i Pakistan har vorte utført på, og for den generelle innsatsen for betre samordning av den humanitære innsatsen. Semja om behovet for eit oppgradert fond (*Central Emergency Response Fund*) var òg stor, samtidig som det kom klart fram at ei rekkje medlemsland framleis slit med mange usvara spørsmål om modalitetane for fondet. Dette dreidde seg om revisjonsrutinar, kriterium for til deling, samansetjing av ei rådgjevande gruppe, osv.

I forhandlingane om resolusjonen om styrking av FN's samordning av humanitær hjelp var det først og fremst teksta om fondet som det var vanskeleg å kome til semje om. Fleire land ville ha detaljerte føringar om modalitetane og ein klar instruks til generalsekretæren om styrking av det mellomstatlege samarbeidet på det humanitære området. Det var òg vanskeleg å oppnå semje om språk med omsyn til styrking av humanitære koordinatarar. Somme land ønskjer ikkje ei styrking av humanitære koordinatarar, og resolusjonen måtte difor «skrivast om» i høve til sluttdokumentet frå toppmøtet på dette området.

Når det gjeld resolusjonen om tryggleik for FN personell, var det først og fremst omtale av tilleggsprotokollen til konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell, som vart vedteken under den 60. generalforsamlinga, som det var vanskeleg å kome til semje om. Elles var resolusjonen ei oppdatering av teksta frå i fjor.

I motsetning til under generalforsamlinga i fjor vart det i år oppnådd semje om ein substansiell resolusjon om støtte til minetiltak (4. komité). Det var likevel svært vanskelege forhandlingar om alt

frå tittelen på resolusjonen, omtale av den første til synskonferansen i Nairobi i 2004 og ikkje-statlege aktørar, til etablering av ein internasjonal markeringssdag. Det vart oppnådd semje om ein internasjonal markeringsdag 4. april.

3.7 Miljø

På agendaen til generalforsamlinga stod òg val av 29 medlemmer av UNEPs «Governing Council». Valet følgde rotasjonsordningar i dei regionale gruppene, og det trongst såleis ikkje votering. Ein valperiode er på fire år, og annakvart år vert halve rådet skifta ut. Noreg sit for tida ikkje i UNEP rådet. Frå vestgruppa vart Australia, Austerrike, Belgia, Canada, Frankrike, Tyskland og USA valde.

Også oppnemning av ny UNEP-leiar og leiar av UN-HABITAT stod i år på dagsordenen til Generalforsamlinga. I denne typen stillingar er det general sekretæren som står for oppnemningane, medan Generalforsamlinga berre formelt godkjenner i etterkant. Tyskaren Achem Steiner vart utnemnd til ny UNEP-leiar i midten av mars i år. Børge Brende var norsk kandidat til denne stillinga. Anna Tibaijuka vil halde fram i sin andre periode som leiar av UN-HABITAT.

3.8 Hiv/aids

Generalforsamlinga vedtok å halde eit globalt møte i tidsrommet 31. mai–2. juni 2006 for å gjere opp status for vidare satsing i kampen mot hiv/aids i lys av at det er fem år sidan «Declaration of Commitments» vart vedteken. Dei to første dagane av møtet vil vere ein fagleg gjennomgang, der søkjely set vil verte retta mot korleis erklæringa om nedkjemping av hiv/aids frå 2001 har vorte gjennomført i praksis, og kva ein må gjere for å lukkast med å skalere opp innsatsen. Den siste dagen vil vere eit høgnivåmøte, der ein tek sikte på politisk representasjon på ministernivå. Noreg var aktivt med i forhandlingane om modalitetane for møtet, mellom anna for å sikre best mogleg deltaking for frivillige organisasjonar.

I lys av dei enorme belastingane på offentlege helsesystem som hiv/aids, naturkatastrofar og moglege utbrot av epidemiar som fuglevirus utgjør, vedtok Generalforsamlinga også ein resolusjon om styrking av kapasiteten i dei offentlege helsesystema i medlemslanda. Noreg tok saman med EU og andre opp den akutte helsepersonellkrisa som mange land i dag opplever, og fekk inn tekst

om dette i resolusjonen. Elles vart det understreka at det er viktig med tidleg varsling av epidemiar og rask spreiding av informasjon.

Generalforsamlinga i FN vedtok òg ein resolusjon om global vegtrafikktryggleik. Bakgrunnen for resolusjonen er dei rundt 1,2 mill. dødsfalla og rundt 15 mill. skadetilfella som vegtrafikken er årsak til kvart år. WHO arbeider på vegner av FN systemet systematisk med denne problemstillinga, særleg overfor utviklingsland med aukande vegtrafikk der både adekvat regelverk og oppfølging frå offentlege styresmakter ofte er mangelfull. Nytt i resolusjonen er innføringa av den tredje søndagen i november som global minnedag for trafikkoffer.

3.9 Migrasjon

Migrasjon har segla opp som eit tema som kjem til å prege den internasjonale agendaen i tida som kjem. I 2. komité vart det denne hausten forhandla om modalitetane for det høgnivåmøtet om migrasjon som skal finne stad under generalforsamlinga hausten 2006. Det vart òg forhandla om kva tema som skulle takast opp på møtet. G77 ønskte i utgangspunktet generelt formulerte agendapunkt og at dei ulike landa skulle få ta opp det dei sjølve tykte var viktig, medan dei vestlege landa helst ville ha meir konkret definerte tema. Resultatet vart eit kompromiss som alle kunne leve med.

3.10 Afrika-spørsmål

Debatten om Afrika-spørsmål var prega av positive ordelag om NEPAD som kontinentet si eiga drivkraft i arbeidet for utvikling, tryggleik og fred. Det var lite usemje om NEPAD-resolusjonen i år, som låg svært nær resolusjonen i fjor. I teksta vart det teke med ei tilvising til verdien av African Partnership Forum, der Noreg skal vere medformann neste år. Det vart òg vedteke ein resolusjon om oppfølginga av generalsekretæren si tilråding i rapporten om «Årsaker til konflikt og fremjing av fred og berekraftig utvikling i Afrika», med vekt på kontinentet sine ulike initiativ som Den afrikanske unions freds og tryggingråd og det ansvaret som det internasjonale samfunnet har for å støtte opp om desse.

3.11 Regionale konflikhtar

Handsaminga av dagsordenspunkta om Midt austen og Palestina-spørsmålet vart i stor grad ei gjentaking av tidlegare år. Skal ein trekkje ein

hovudkonklusjon frå debatten, må det vere at dei moderate arabiske landa gav Israel honnør for tilbaketrekkinga frå Gaza, men at tilbaketrekkinga samtidig hadde skapt forventningar i regionen om ei oppfølging på Vestbreidda. USA og Canada tok opp att budskapet om at resolusjonane ikkje hadde noka konstruktiv rolle og berre medverkar til å polarisere Generalforsamlinga og skjerpe skilja mellom partane. Ein samleresolusjon (med ein politisk og ein humanitær del) om Afghanistan vart vedteken med konsensus. I dei fleste innlegga i debatten vart Afghanistan rost for gjennomføringa av eit vellukka val og for fullføringa av Bonn-avtala. Vidare framheva mange at det er viktig at det internasjonale samfunnet held fram med å gje støtte. Samtidig vart det påpeikt at Afghanistan framleis står overfor store utfordringar, der tryggleiken, DDR-tiltak og narkotikaproblemet er dei viktigaste.

3.12 Havretts- og fiskerispørsmål

FNs havrettskonvensjon av 1982 tok til å gjelde i 1994. Frå då av har Generalforsamlinga hatt ei årleg handsaming av gjennomføringa av konvensjonen og andre utviklingstrekk på havrettsområdet. Generalforsamlinga si handsaming av spørsmål knytte til hav- og fiskeriforvaltning var også i år ein arena for profilering av Noreg som ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det vart vedteke ein resolusjon om havretten og ein resolusjon om berekraftige fiskeri, medrekna gjennomføring av FN-avtala om fiske på ope hav.

Det norske hovudinnlegget fokuserte mellom anna på den komande evalueringskonferansen for FN-avtala om fiske på ope hav, som skal finne stad i mai 2006, og dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane si rolle i høve til denne avtala. I tillegg vart det fokusert på berekraftig forvaltning av levande marine ressursar og vern av det marine miljøet, og dessutan maritim tryggleik.

Under den 59. generalforsamlinga var vern av sårbare habitat på havbotnen, mellom anna kaldtvasskorallar, mot skadelege fiskeriaktivitetar eit svært omdiskutert tema. Etter vanskelege forhandlingar vedtok Generalforsamlinga ei oppmøding til statane om å vurdere mellombels forbod mot skadeleg fiskeripraksis, medrekna botntråling. Noreg var her ein viktig pådrivar for å få dette gjennom. Også under den 60. generalforsamlinga var det sterkt fokus på dette temaet. Dette må sjåast som eit signal om at temaet er utfordrande, og at dette vil verte eit viktig spørsmål når tiltak med utgangspunkt i vedtaket i 2004 skal vurderast på den 61. generalforsamlinga i 2006.

Etablering av marine verneområde (Marine Protected Areas) utanfor nasjonal jurisdiksjon (ope hav) har vore og er framleis eit viktig og omdiskutert tema. Vesentlege spørsmål er mellom anna korleis ein skal etablere slike område, og kva restriksjonar som skal gjelde. Somme argumenterer for at ein må forhandle fram nye rettslege instrument for å regulere spørsmål som er relaterte til etablering av verneområde, medan mellom andre Noreg hevdar at naudsynt vern må sikrast gjennom eksisterande instrument og organisasjonar, til dømes FN's skipsfartsorganisasjon (IMO) og regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar. Under den 59. generalforsamlinga vedtok ein å oppnemne ei arbeidsgruppe som skulle sjå nærare på spørsmåla i tilknytning til etableringa av slike område. Arbeidsgruppa skal halde sitt første møte i februar 2006.

3.13 Den internasjonale straffedomstolen

Rapporten frå Den internasjonale straffedomstolen (ICC) vart for første gong presentert direkte i plenum og ikkje i 6. komité. USA var i utgangspunktet imot dette, men valde til slutt å ikkje kome med innvendingar under prosedyrevedtaket i saka. Handsaminga av ICC er dermed sidestilt med dei andre internasjonale domstolane; Den internasjonale domstolen i Haag (ICJ), Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda (ICTR), som òg rapporterer direkte til plenum. Det var stor oppslutning om den etterfølgjande debatten, der 26 land, mellom dei Noreg, heldt innlegg for å uttrykkje støtte til domstolen.

ICC's president, Philippe Kirsch, framheva særleg at to viktige milesteinar var nådde sidan førre generalforsamlinga: Mexico ratifiserte Roma-vedtektene som land nr. 100 den 28. oktober 2005, og domstolen utferda sin første arrestordre den 8. juli 2005. Kirsch understreka elles at det er viktig å vareta tryggleiken for domstolens personell, og framheva òg dei mange praktiske utfordringane etterforskningsarbeidet inneber med omsyn til logistikk, transport og kommunikasjon. Han la òg vekt på at ICC er heilt avhengig av at statane samarbeider på fleire område dersom han skal kunne lukkast i arbeidet sitt.

Noreg gav i innlegget sitt domstolen honnør for framdrifta i arbeidet det siste året og uttrykte dessutan von om at talet på statspartar ville halde fram å auke i same takt i tida framover. Samtidig vart det understreka frå norsk side at ICC er heilt avhengig

av at statane samarbeider og inngår naudsynte avtaler med domstolen. Noreg la i den samanhen gen særleg vekt på avtala om privilegium og immu nitet for domstolen og oppmoda andre land til å ratifisere eller slutte seg til denne avtala så raskt som råd.

Resolusjonen til støtte for ICC, der Noreg var medforslagsstillar, vart òg handsama direkte i ple num og vedteken med konsensus. USA heldt, slik som i fjor, ei røysteforklaring for å presisere at dei distanserte seg frå konsensus, men tonen elles var likevel etter måten forsonleg.

3.14 Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda

Det vart halde ein felles debatt i samband med framlegginga av dei to domstolane sine årsrappor tar i plenum. Noreg heldt eit eige innlegg.

Nordmannen Erik Møse, president for ICTR, framheva at arbeidet i Rwanda-domstolen hadde hatt god framdrift. Domstolen hadde i siste rappor teringsperiode avsagt dom i ytterlegare tre saker og hadde no sidan 1997 avsagt dom i til saman 25 saker. Møse trekte fram domstolens fem rettssa ker med fleire straffetiltalte som særleg utfor drande, på grunn av at det var store og komplekse rettssaker. Den nye rettssalen, delvis finansiert av Noreg, hadde vore avgjerande for å auke effektiv iteten til domstolen. Møse forsikra at domstolen ville halde fristen for avslutning av alle rettssaker innan 2008, i samsvar med kravet frå Tryggingrå det i resolusjon 1503.

Presidenten for ICTY, Theodor Meron, rappor terte for siste gong til Generalforsamlinga som pre sident for domstolen. Han understreka at domsto len hadde gjort store framsteg trass i dei vanskane ein står overfor. Domstolen hadde handsama rekordmange saker i året som gjekk, og fire saker hadde vorte overførde til nasjonale domstolar. Meron etterlyste på nytt betre samarbeid frå sta tane i regionen med omsyn til lokalisering og arrestasjon av tiltalte på frifot, og poengterte at ettermålet til domstolen ville verte sterkt svekt dersom tiltalte på høgt nivå ikkje også vart stilte for retten. Auka samarbeid frå serbisk side vart særleg etterlyst i denne samanhengen. Meron påpeikte òg at det var viktig at medlemslanda betalte inn dei pliktige bidraga sine til budsjettet i tide for å unngå å bremse arbeidet til domstolen.

I den etterfølgjande debatten la Noreg vekt på at det som domstolane gjer, er viktig for å skape rettferd i Rwanda og i det tidlegare Jugoslavia og

for å utvikle ein internasjonal rettsorden for ned kjemping av straffridom for grove internasjonale brotsverk. Noreg roste domstolane for det effek tive arbeidet dei hadde gjort med avviklingsstrate giane og understreka at det var viktig at medlems landa samarbeider med domstolane.

3.15 Val av dommarar til Den internasjonale domstolen i Haag

Generalforsamlinga valde Thomas Buergenthal (USA), Kenneth Keith (New Zealand), Leonid Skotnikov (Russland), Mohamed Bennouna (Ma rokko) og Amor Sepulveda (Mexico) til nye faste dommarar i Den internasjonale domstolen i Haag for ein periode på ni år.

3.16 Ungdomsspørsmål

Til skilnad frå tidlegare år vart debatten i år om spørsmål knytte til ungdom halden i form av to møte i plenum på generalforsamlinga. På denne måten markerte ein at det var ti år sidan *World Programme of Action for Youth to the Year 2000 and Beyond* vart vedteke i 1995. Fokuset for møta var ei evaluering og ein gjennomgang av kvar ein står globalt i gjennomføringa av handlingsprogrammet. Før arrangementet vart også *World Youth Report 2005* lansert. Rapporten slår fast at over 200 millio nar unge og ungdom lever i fattigdom, 130 millio nar kan ikkje lese og skrive, 88 millionar er utan arbeid og 10 millionar lever med hiv/aids. Det vart òg halde eit uformelt interaktivt rundebord dagen før plenums møta i Generalforsamlinga med titte len *Young people: Making Commitments Matter*. På rundebordet deltok i tillegg til medlemsstatar også observatørar, FN-organisasjonar og ikkje-statlege ungdomsorganisasjonar. Noreg heldt fram tradi sjonen med å vere representert med to ungdoms representantar på generalforsamlinga. Desse del tok både på rundebordet og i debatten i plenum på generalforsamlinga. Ved sistnemnde høve heldt ein av ungdomsrepresentantane – Victoria Uwon kunda (flyktning til Noreg frå Rwanda) – det nor ske ungdomsinnlegget i år. Innlegget fokuserte i stor grad på born og ungdom som offer i væpna konflikt og deira situasjon som flyktningar, samt dei særlege rettane som born og unge har som asylsøkjjarar, og dei forpliktingane mottakarlanda har i denne samanhengen. Innlegget vart svært godt motteke av medlemslanda i Generalforsam linga.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Generelt

Sesjonen til 1. komité vart i stor grad prega av den feilslåtte tilsynskonferansen for avtala om ikkje spreiding av kjernevåpen (NPT) og av at det ikkje lukkast å få til konkrete forpliktingar om nedrusting og ikkje-spreiding i toppmøteerklæringa som vart vedteken i september. Reformdiskusjonane i dei to føregåande åra bar einskilde frukter ved at generaldebatten tyktest vere meir fokusert enn tidlegare, og ein fekk meir meningsfylte tematiske debattar. Komiteen har likevel ikkje lukkast med å få ned talet på resolusjonar.

Eit anna kjenneteikn på sesjonen i år var at det vart votert over ei rekkje resolusjonar som tidlegare har vorte vedtekne med konsensus. Dette gjaldt handvåpenresolusjonane, USAs resolusjon om etterleving av inngåtte avtaler, Kviterusslands resolusjon om nye typar masseødeleggingsvåpen og Russlands resolusjon om informasjonsteknologi og nedrusting. Særleg USA syntest å ha ein meir restriktiv politikk på røystegjevinga si og hevda i fleire tilfelle i røysteforklaringa si at dei såg på vedkomande resolusjon som irrelevant.

4.2 Det multilaterale nedrustingsmaskineriet

I generaldebatten uttrykte fleire land frustrasjon over den manglande framdrifta i det multilaterale nedrustingsarbeidet. Dette var òg eit sentralt tema i det norske hovudinnlegget. Vi tok til orde for ein ny konsensus om multilateral nedrusting og ikkje spreiding under tilvising til at det norske 7-landsinitiativet stadfesta at det skulle vere mogleg for land frå ulike regionar å verte samde om sentrale tryggingsspørsmål.

Ut frå debattane i 1. komité syntest det klart at dei aller fleste landa var opptekne av behovet for å oppnå konkrete resultat neste år. Nedrustingskonferansen i Genève har i over åtte år vore handlingslamma på grunn av manglande semje om arbeidsprogram og mandat for forhandlingsgruppene. Mexico, Canada og somme andre land vurderte difor lenge å leggje fram ein resolusjon for å eta

blere forhandlingsgrupper under generalforsamlinga trass i manglande konsensus på nedrustingskonferansen i Genève. Kjernevåpenstatane mot sette seg dette og gjorde det klart at dei ikkje ville delta i slike grupper. Ein ville då ikkje oppnådd konkrete resultat. Difor var også Noreg og europeiske likesinna land i utgangspunktet skeptiske til framlegget. Resolusjonen vart til slutt ikkje lagt fram.

Det synest likevel klart at tolmodet med stillstanden snart er i ferd med å ta slutt. Dersom det ikkje vert gjort konkrete framsteg, er det høgst sannsynleg at det vil kome eit nytt resolusjonsforslag lik det kanadisk-meksikanske til neste år.

Det var stor interesse for 7-landsinitiativet, og fleire land var interesserte i å få vite meir om den vidare oppfølginga av initiativet. Dette må tolkast som eit uttrykk for eit utbreidd ønske om å få til konkrete framsteg i det multilaterale nedrustingsarbeidet.

4.3 Kjernevåpen

Det var likevel nokre positive trekk ved sesjonen i år. Dei to mest sentrale kjernefysiske nedrustings og ikkje-spreiingsresolusjonane fekk brei oppslutning. Den eine var framlagd av Ny-agenda-koalisjonen (NAC består av Sverige, Irland, New Zealand, Mexico, Brasil, Sør-Afrika og Egypt) og den andre av Japan. Noreg støtta desse to resolusjonane, slik som i fjor. Det var særleg gledeleg at NAC-landa for første gong røysta for Japans resolusjon (der Noreg stod som medforslagsstillar), og at fleire NATO-land enn tidlegare røysta for NAC-resolusjonen.

Ein resolusjon om kjernefysisk nedrusting og etterleving av NPT-forpliktingane, som vart lagt fram av Iran, vart derimot møtt med djup skepsis av ei rekkje land, deriblant land som tilhøyrrer Den alliansefrie rørsle (NAM). Svært mange avstod frå å røyste, deriblant dei fleste latinamerikanske landa, medan Noreg og andre vestlege land (også NAC-land som Sverige, Irland og New Zealand) røysta imot resolusjonen. Han vart likevel vedteken.

4.4 Handvåpen

Handsaminga av handvåpenresolusjonane vart særleg vanskeleg i år. 1. komité vedtek kvart år ein generell resolusjon om oppfølginga av FN's handlingsprogram for nedkjemping av ulovleg omsetnad av handvåpen. Denne resolusjonen vert normalt vedteken med konsensus, og mange land teiknar seg som medforslagsstillarar. Resolusjonen i år fanga dessverre ikkje i tilstrekkeleg grad opp prioriterte saksområde for Noreg og EU-landa, deriblant forsterka innsats mot ulovleg mekling av handvåpen. Ei styrking av teksta var ikkje akseptabelt for somme av NAM-landa. Til liks med EU valde Noreg difor å ikkje teikne seg som medforslagsstillar slik vi tradisjonelt har gjort. Sjølv med ei svekt tekst vart det likevel votering over ein del paragraf, der Mexico og Jamaica avstod, medan USA ikkje deltok i røystinga. Resolusjonen som heilskap vart likevel vedteken utan røysting, som tidlegare. Det vart oppnemnd ei ekspertgruppe for å vurdere vidare steg med omsyn til ulovleg våpenmekling.

Sveits kom med eit framlegg til vedtak om det nyleg framforhandla instrumentet for sporing og merking av handvåpen og hadde i utgangspunktet rekna med konsensus. Men dei latinamerikanske landa valde å avstå trass i hardt politisk press frå Sveits og EU fordi dei i utgangspunktet hadde ønskt eit folkerettsleg bindande og ikkje berre politisk bindande instrument.

Heller ikkje ein ny handvåpenresolusjon om dei humanitære og utviklingsrelaterte sidene ved handvåpenproblemet, som vart framlagd av Nederland, samla konsensus. Dette trass i at Nederland gjekk svært langt i å imøtekomme både NAM-landa

og USA sine framlegg til endringar i teksta. USA røysta til slutt imot som einaste land, med den grunngevinga at ein ikkje ville leggje noko førin gar for den komande tilsynskonferansen for FN's handlingsprogram for nedkjemping av ulovleg omsetnad av handvåpen, og meinte i tillegg at resolusjonen ikkje høyrde heime i 1. komité.

4.5 Reform

For to år sidan var Noreg med på å starte ein debatt om reform av 1. komité. Bakgrunnen var at komiteen i aukande grad spela ei marginal rolle i det internasjonale arbeidet for nedrusting og ikkje spreiring.

Ei viktig målsetjing har vore å få ned talet på resolusjonar/vedtak i komiteen. Sjølv om somme land viser større atterhald med å leggje fram resolusjonar, er vi langt frå å nå denne målsetjinga. Kvart år vert dessutan nye resolusjonar lagde fram, som i år på handvåpenområdet. I tillegg er det framleis mange resolusjonar som vert vedtekne år etter år med same ordlyd. Dette gjeld mellom anna NAM-landa sin resolusjon om multilateralisme og Indias og Myanmars resolusjonar om kjernefysisk nedrusting.

Reformengasjementet har likevel bore visse frukter. Vi har fått ein meir fokusert generaldebatt og meir meningsfylte tematiske debattar. Organiseringa av sjølve arbeidet i 1. komité har vorte meir strauformet. Det er likevel naudsynt å halde eit vake auge med arbeidsformene i komiteen, å søkje å medverke til ein meir interaktiv tematisk debatt og å halde fram arbeidet med å få ned talet på resolusjonar.

5 Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

5.1 Allmenne spørsmål

Intense toppmøteforhandlingar om utviklings spørsmål i august og september førte til at lufta i nokon grad gjekk ut av 2. komité hausten 2005. Det var få spørsmål det var avgjerande å kome til semje om. Dei mest konkrete resultatane var fastsetjinga av møteopplegget (modalitetane) for høvesvis høgni vådialogen om migrasjon, femårsgjennomgangen av MUL-handlingsprogrammet og ein oppfølgings konferanse om Finansiering for utvikling (FfD). Dei to førstnemnde vil finne stad under opninga av den 61. generalforsamlinga, medan FfD-oppfølginga vil finne stad i 2008 eller 2009.

Sjølv om stemninga i komiteen var langt mindre betent enn det ho var i drøftingane om fredsbyggingskommisjon, menneskerettsråd og administrativ reform, var det lite entusiasme og få nye initiativ å spore. Dei siste par åra har likevel talet på røystingar i den tradisjonelt konsensusorienterte 2. komité stige sterkt. Under den 60. generalforsamlinga heldt denne trenden fram. USA tok både resolusjonar og einskildparagrafar til røysting, og desse gjaldt ofte finansielle implikasjonar av vedtaka (budsjett for statspartsmøte der USA ikkje er medlem, ulike møte osv.) Vidare tok dei til røysting språk som på ein eller annan måte gjaldt forpliktingar i samband med offisiell utviklingshjelp. I og med at det no er såpass vanleg med røystingar, synest også G77 å ha fått lågare terskel for å be om røysting, og då gjerne på sine opphavlege og ikkje tilstrekkeleg balanserte utgangstekster.

I og med at dei resultatane som ein hadde oppnådd på miljø- og utviklingsområdet i toppmøteteksta, danna bakteppet for arbeidet i 2. komité denne hausten, vert dei konkrete resultatane i toppmøteteksta omtalt i dei neste avsnitt. Deretter følgjer ein omtale av dei etterfølgjande vedtaka som vart gjorde på generalforsamlinga denne hausten.

Etter ein god del tautrekking vart tusenårsmåla for første gong universelt stadfesta (endossert). Det var berre USA som hadde problem med tusen årsmåla, særleg fordi dei meinte at måla, og i enda større grad indikatorane (0,7 % av BNI til offisiell utviklingshjelp) for å måle måloppnåing, var eit sekretariatsprodukt utan mellomstatleg godkjenning. Det er særleg tusenårsmål 8 (om mellom

anna forpliktingane som gjevarlanda har) som USA hadde problem med.

Gjennomgåande vert det i toppmøteerklæringa understreka at det trengst meir og snarleg hjelp. Monterrey Consensus og den globale partnerskapa vert òg ettertrykkeleg fastslåtte. På den eine sida må utviklingslanda sørge for godt styresett og kjempe mot korrupsjon, medan utvikla land på den andre sida forpliktar seg til å auke hjelp og gjelds lette og å fjerne handelshinder.

Eit av dei mest konkrete resultatane i utviklings teksta er vedtaket om at det innan utgangen av 2006 skal utarbeidast nasjonale fattigdomsstrategiar (PRS) med den målsetjinga å nå tusenårsmåla, såkalla tusenårsmålbaserte fattigdomsstrategiar. Dette er ei av hovudtilrådingane i professor Jeffrey Sachs' rapport til toppmøtet. Det ligg an til eit samarbeid mellom Verdsbanken og UNDP om å hjelpe land til å ferdigstille desse strategiane. Deretter vil det vere opp til gjevarar å sørge for tilstrekkeleg støtte.

Når det gjeld offisiell utviklingshjelp, vert det konstaterert i toppmøteteksta at løfte i den siste tida om auka hjelp vil medføre ein årleg auke i den offisielle utviklingshjelpa på USD 50 mrd. innan 2010. Det er grunn til å understreke at toppmøtet må få ein stor del av æra for denne venta auken i den offisielle utviklingshjelpa.

Å få fastslått det 35 år gamle FN-målet om 0,7 % av BNI til offisiell utviklingshjelp var ei anna vanskeleg sak. USA hadde ved mange høve understreka at dei aldri hadde forplikt seg til noko mål. Forventingane var difor sterkt senka med omsyn til kva ein kunne få til. Språket i sluttdokumentet må seiast å vere noko svakare enn det det var semje om i såkalla Monterrey Consensus, i og med at ein ikkje like klart og tydeleg ber om at det vert teke opptrappingsplanar. Det er no berre 6 av 22 OECD/DAC-land som ikkje har vedteke tidsplanar for å nå 0,7 %. Desse er USA, Japan, Sveits, Canada, Australia og New Zealand. Men fleire av desse landa kunngjorde på toppmøtet at dei vil auke eller til og med fordoble hjelpa si, men utan å forplikte seg til 0,7 %. Island er mellom dei vestlege landa som ikkje har ein slik opptrappingsplan.

Afrika fekk ein eigen seksjon i sluttdokumentet, og det vert slått fast at det internasjonale sam

funnet er klart til å støtte Afrika med meir hjelp, mellom anna i regi av NEPAD, til AU's konfliktførebyggjande tiltak, til «grøn revolusjon» m.m.

Den såkalla Paris-erklæringa om effektivitet av utviklingshjelp og harmonisering fekk positiv omtale. Nokon eksplisitt positiv omtale av Frankrike, Brasil, Spania, Tyskland, Chile og Storbritannia sine initiativ til innovative finansieringskjelder, vart det ikkje. Men fleire av initiativa vart i det minste nemnde. Denne inkluderte president Lulas svoltinitiativ, Storbritannias International Finance Facility, pilotprosjektet om vaksinerings, flybillettbi drag, osv.

I spørsmålet om gjeld var det viktig for utviklingsland, med støtte frå Noreg, å sikre referansar til behovet for ekstra midlar til gjeldslette. Det vart i sluttspurten relativt openbert at særleg USA, Tyskland og Italia ikkje ville vere for eksplisitte her. Eit anna spørsmål var om gjeldslette først og fremst skulle gjelde HIPC-land eller også mellom inntektsland.

I tillegg til dei ovannemnde tusenårsmålbaserte fattigdomsstrategiane var eit av dei mest profilerte framlegga frå Sachs dei såkalla «Quick Wins». Dette går ut på å raskt gje midlar til tiltak som skal gje effekt nesten med det same. Mellom desse er utdeling av malarianett, gratis skulemåltid, kunst gjødsel, avskaffing av eigendelar i grunnskulen og primærhelseteneste. I 2005-dokumentet vert det stadfesta at medlemslanda er reie til å støtte initiativa. USA var det einaste landet som gjekk eksplisitt ut mot initiativet. På norsk side var ein heller ikkje overtydd om berekrafta til initiativet, men i og med at tiltaka skal leiast av landa sjølve og integrerast i fattigdomsstrategiane, støtta Noreg opp om dei. USA lukkast likevel i å få endra namnet frå Quick Wins (som har sterke assosiasjonar til professor Jeffrey Sachs) til «Quick Impact Initiatives».

Berekraftig utvikling fekk mykje omtale i topp møteerklæringa. Alle aspekt av Johannesburg erklæringa er omfatta (vatn, biologisk mangfald, sanitære spørsmål, busetting, GEF, m.m.). Dei to spørsmåla som det tok lengst å kome til semje om, var klima og internasjonal skogforvaltning. Storbritannia hadde von om at formuleringar om klima frå Gleneagles-møtet skulle kome til nytte i denne samanhengen. Det gjorde det i svært liten grad, og klimateksta vart relativt inkjeseiande. Eit stykke ut i forhandlingane aksepterte USA at Kyoto-protokollen i det minste kunne nemnast. Av dokumentet går det òg fram at klima er ei utfordring, og at det hastar med handling. USA kunne ikkje akseptere noko omtale av internasjonale forhandlingar for å oppnå semje om tida etter Kyoto-protokollen i 2012. EU og Noreg var mellom dei som ønskte

omtale av dette. Heller ikkje formuleringar om å gjere noko i statspartsmøtet i Montreal i november 2005 var akseptabelt. Somme store utviklingsland var heller ikkje positive til formuleringar om framtidig internasjonalt samarbeid med mindre dette i same setning vart kombinert med prinsippet om at det skal takast særleg omsyn til utviklingslanda sine særlege behov (common but differentiated responsibilities). Desse landa ønskte heller ikkje at utsleppar sine plikter skulle verte omtalt.

På grunn av manglande framgang på vårens Skogforum var det ikkje uventa at skogforvaltning vart eit anna område der det var vanskeleg å verte samde. I utgangspunktet var det inkludert tekst om behovet for samarbeid på alle plan, også internasjonalt og regionalt. Sistnemnde fall særleg russarar og brasilianarar tungt for brystet, og dette vart då òg stroke i teksta.

Det vert slått fast at det skal arbeidast raskt for å etablere eit verdsomspennande varslingsystem for naturkatastrofar. Det vert gjeve full støtte til gjennomføring av Hyogo-rammeverket for naturkatastrofar.

Teksta om kjemikalier og miljøfarleg avfall er i stor grad inkludert takka vere norske innspel. Denne tilvisinga legg grunnlaget for å sjå til i ulike samanhengar at det vert utarbeidd indikatorar på dette området, slik at framsteg kan målast. Det vert slått fast at det er behov for å betre samarbeidet om havspørsmål.

I spørsmåla om hiv/aids og helse vart det slått fast at målet er (tilnærma) universell tilgang til behandling av aids innan 2010. Medlemslanda forpliktar seg òg til å sikre retten til reproduktiv helse innan 2015 og til å integrere denne målsetjinga i strategiar for å nå tusenårsmåla.

Sett med norske auge må teksta om kvinnene sine rettar og om likestilling seiast å vere relativt god, men med eitt viktig unntak: USA lukkast i å forhindre at toppmøtet stadfesta den ti år gamle Beijing-plattformen, som vert sett på som eit hovud dokument i internasjonalt likestillingsarbeid. Rett nok heiter det at vi må nå måla, men den tradisjonelle stadfestinga manglar. USAs problem var at dei har hatt reservasjonar og røysteforklaringar til einskilde referansar til reproduktiv helse i Beijing-plattformen. Elles inneheld likestillingsteksta gode og forpliktande formuleringar om kvinnene sine rettar og deltaking, retten til arv og eigeidom, retten til reproduktiv helse samt behovet for å motverke straffridom med omsyn til vald mot kvinner. Noreg medverka med formuleringane om behovet for å gjere tiltak for å auke representasjonen i avgjerdsorgan.

5.2 Gjeldshandtering

Forhandlingane om gjeldsresolusjonen varde også i år i fleire veker. Diskusjonen viste at det ikkje er semje om i kva grad dei gjeldstyngde landa som er omfatta av det såkalla HIPC-initiativet (Heavily Indebted Poor Countries Initiative), hadde hatt ei betring i gjeldssituasjonen.

Noreg heldt eit samleinnlegg under makroøkonomske spørsmål med vekt på gjeld. I innlegget vedgjekk Noreg at ein måtte gå utover HIPC-initiativet dersom ein skulle oppnå reell gjeldsberekraft. Noreg var på denne bakgrunnen ein sterk støtte spelar til det såkalla G8-framlegget. Ein la likevel vekt på at G8-framlegget berre hadde ein meirverdi dersom det vart finansiert med «friske midlar». Dette la ein frå norsk side også vekt på i resolusjonsforhandlingane.

G77 ønskte å omtale gjeldsstruktureringsmekanismer som «arbitration and mediation mechanisms» i resolusjonen. Spørsmålet om ein internasjonal gjeldsdomstol er relatert til desse spørsmåla, og den norske delegasjonen gav tydeleg støtte til G77s tekst i forhandlingane. Men det var ingen andre delegasjonar som delte G77 og Noregs syn, og ein enda opp med ei relativt nøytral tilvising til desse gjeldsstruktureringsmekanismane. Men sjølv dette kan vere eit lite steg i retning av å få spørsmål rundt ein internasjonal gjeldsdomstol vidare utgreidd.

Frå norsk side oppnådde ein òg å få med ein omtale av dei såkalla «multi-stakeholder dialogues on sovereign debt». Noreg har støtta desse dialogane, som vart organiserte av FfD-kontoret i DESA. Frå norsk side meiner ein at desse dialogane er eit viktig forum for å bringe gjeldsdialogen vidare.

5.3 Finansiering for utvikling

Hovudføremålet under forhandlingane vart også i år å freiste å balansere teksta i samsvar med Monterrey Consensus. Teksta om offisiell utviklingshjelp og spørsmålet om ein FfD-oppfølgingskonferanse var mellom dei spørsmåla som var vanskelege.

Ein kom ikkje vidare i spørsmålet om offisiell utviklingshjelp enn det ein gjorde i toppmøtedokumentet. Det var heller ikkje å vente, sjølv om G77 i fleire resolusjonsutkast gjorde ein freistnad på å alle gjevarland til å forplikte seg til 0,7-målet.

I spørsmålet om ein oppfølgingskonferanse hadde Qatar på toppmøtet foreslått seg sjølv som vertskap for ein slik konferanse i 2007 (som ville ha vore fem år etter Monterrey). Dette vart presentert som ein G77-posisjon i forhandlingane om FfD-teksta. Blant dei andre delegasjonane var det likevel ikkje semje korkje om tidspunkt eller stad for ein slik konferanse. Men ein oppfølgingskonferanse hadde ein vorte samd om alt i Monterrey. Det vart vedteke å halde denne konferansen «at a time between 2008 and 2009» og å takke Qatar for tilbodet utan å binde seg til å halde konferansen der. Teksta slår vidare fast at det skal setjast i gang ein førebunde prosess under den 61. generalforsamlinga.

5.4 Råvarer, handel og utvikling

Vona for handels- og utviklingsresolusjonen denne hausten var å kunne sende eit positivt konsensus signal til WTOs ministermøte i Hongkong med vekt på utviklingsdimensjonen i Doha-runden. Slik gjekk det ikkje. Etter langvarige resolusjonsforhandlingar la til slutt G77 fram den opphavlege utgangsteksta si til røysting. Dette medførte at fire dagen før Hongkong-møtet vedtok 2. komité ein resolusjon om handel og utvikling med røystetala 109–1–48. Fleire meinte at G77 ikkje tykte det gjorde noko at røystinga avdekte at vestlege land mangla konsensusvilje. I røystinga røysta USA mot, og ikkje-G77-land (utanom Mexico) avstod. Noreg avstod og stod tilslutta EUs røysteforklaring, som mellom anna understreka støtta til utviklingsdimensjonen i WTO-runden og til marknads tilgang for alle produkt frå alle minst utvikla land (MUL). I G77s framlegg vart ulike delar av WTO arbeidsprogrammet lista opp på ein ubalansert måte, medrekna jordbruk og TRIPS. Vidare var det fleire vestlege land som ikkje kunne godta oppmødinga om forpliktande toll- og kvotefridom straks for *alle* produkt frå *alle* dei minst utvikla landa. På kanadisk initiativ vart det røysta over einskildparagrafen om MUL. EU og Noreg røysta *for* denne for mulinga. Kvart år vert det stilt spørsmål om tilleggsverdien av at FN's generalforsamling vedtek ein resolusjon om handel og utvikling i høve til pågåande drøftingar om handelsspørsmål i andre fora. Utviklingslanda på den eine sida meiner generelt at handel bør stå på FN's dagsorden fordi dei i FN har ein heilt annan påverknad enn andre stader, medan USA helst ser at spørsmålet vert teke av agendaen. Heller ikkje handsaminga denne hausten endra på desse posisjonane.

5.5 Kvinner i utviklingsprosessar

Noreg heldt eit innlegg der ein i tråd med general sekretærens rapport la vekt på migrasjon og syssel setjing. Noreg signaliserte vidare sterkare vektlegging av at fond og program må integrere likestilling i all verksemd.

Resolusjonsforslaget vart lagt fram svært seint i arbeidet til komiteen, og det vart lita tid til å gje det ei skikkeleg handsaming. Resolusjonsforslaget som vart lagt fram av G77, var dessutan ei altfor lang og temmeleg inkjeseiande tekst som i stor grad var repetisjon av tidlegare års resolusjonar. Frå norsk side gjorde vi framlegg om å skjere teksta drastisk ned, utan å få gjennomslag for det. Mykje av diskusjonen rundt teksta gjekk på dei paragrafane som handla om reproduktiv helse, kvinner i krig og konflikt, politiske og sivile rettar og offisiell utviklingshjelp. Sidan desse temaa vert handsama grundig i andre resolusjonar og andre komitear, såg ein frå norsk side ikkje den store tilleggsverdien i å ha med desse temaa i denne resolusjonen. Frå norsk side engasjerte ein seg ikkje i stor grad i detaljane i teksta. Noreg medverka likevel til å få påverka temaa for to framtidige rapportar under dette dagsordenspunktet: 1) kvinnene sin kontroll over og tilgang til økonomiske og finansielle ressursar, medrekna mikrofinans, og 2) auka kvinneleg deltaking i statlege avgjerdsorgan og verdien av dette i arbeidet med fattigdomsreduksjon.

5.6 Miljø og berekraftig utvikling

Det vart til liks med tidlegare år vedteke ei rekkje resolusjonar under dagsordenspunktet om berekraftig utvikling. Gjennomføringa av både klima konvensjonen, biomangfaldkonvensjonen og ørkenspreiingskonvensjonen hadde sine årlege resolusjonar. I tillegg vart det vedteke resolusjonar om oppfølginga av Agenda 21 (kommisjonen for berekraftig utvikling), UNEP, fremjing av fornybar energi, Small Islands Development States (SIDS), berekraftig utvikling i fattige fjellregionar, fremjing av etisk turisme og lanseringa av 2006 som det internasjonale året mot ørkenspreiing. Mellom dei meir kuriøse resolusjonane kan nemnast lanse ringa av 2006 som det internasjonale potetåret og 2008 som «Year of Planet Earth».

Gjennomgåande kom det lite ut av forhandlingane om desse resolusjonane. I slagskuggen av toppmøtet var det vanskeleg å verte samde om tekst som kunne bringe miljødebatten framover.

Ved usemje vart enden på visa som regel at ein fall attende på «agreed text» frå toppmøtedokumentet. På ein del område fekk Noreg gjennomslag for tekstframlegga sine. I nokre resolusjonar vart det såleis framheva at auka støtte til utvikling også måtte følgjast opp med medviten prioritering i utviklingslanda sjølve, og at dei ulike satsingsområda måtte integrerast i landa sine eigne utviklingsstrategiar. Noreg støtta også tekst om krav til betre samarbeid mellom ulike aktørar i FN-familien slik at ein unngår overlappende ansvarsområde og fremjar effektiv ressursbruk. På andre område, som i forhandlingane om klimaresolusjonen, klarte ikkje Noreg å få inn meir forpliktande tekst med omsyn til internasjonalt samarbeid etter utgangen av Kyoto-avtala i 2012.

UN-HABITAT er den FN-organisasjonen som har ansvar for byutvikling og bustadprogram. Resolusjonen i år om UN-HABITAT bad om auka støtte til organisasjonen sitt arbeid og la vekt på at organisasjonen framleis skulle delta i reformprosessane i FN-systemet.

Som i tidlegare år vedtok Generalforsamlinga ein resolusjon om dei palestinske folka sin suverenitet over naturressursane i dei okkuperte palestinske områda, samt tilsvarende for syrarane på dei okkuperte Golanhøgdenene. Resolusjonen ber Israel om ikkje å øydeleggje eller gjere ringare naturressursane i desse områda, og fastset retten til erstatning i dei tilfella dette har hendt. Resolusjonen vart vedteken med stort fleirtal. Berre eit fåtal land, mellom dei USA, Australia og Israel, røysta mot.

5.7 Migrasjon

Migrasjon har segla opp som eit tema som kjem til å prege den internasjonale agendaen i tida som kjem. I 2. komité vart det denne hausten forhandla om rammene for det høgnivåmøtet om migrasjon som skal finne stad under generalforsamlinga hausten 2006. Det vart òg forhandla om kva tema som skulle vere føremål for møtet. G77 ønskte i utgangspunktet generelt formulerte agendapunkt og at dei ulike landa skulle få ta opp det dei sjølve tykte var viktig, medan dei vestlege landa helst ville ha meir konkret definerte tema. Resultatet vart eit kompromiss som alle kunne leve med. Temaa for møtet vil vere «a) internasjonal migrasjon sin verknad på økonomisk og sosial utvikling, b) vern av menneskerettane til migrantar og tiltak for å hindre og bekjempe smugling av migrantar og *trafficking*, c) multidimensjonale aspekt av internasjonal migrasjon, og utvikling, inkludert økonomiske overføringar, og d) fremjing av partnerskap

og kapasitetsbygging og utveksling av beste-praksisar på alle nivå, inkludert det bilaterale og regionale nivå, til beste for både landa og migrantane». Migrasjon og utvikling vil òg vere tema for møtet i Kommisjonen for befolkning og utvikling i april 2006.

5.8 Korrupsjon

Korrupsjonsdebatten i 2. komité dreidde seg om utviklingsperspektivet på korrupsjon. Semje om korrupsjonsresolusjonen i år viste seg vanskelegare enn ein hadde trudd, etter at ein i fjor bruka lang tid på å verte samde om formuleringar i tråd med konvensjonen mot korrupsjon, som tok til å gjelde i desember 2005. Debatten heldt fram i år. Vestlege land viste til at over 130 land hadde underskrive konvensjonen, og at det difor var naturleg å skjerpe språket ytterlegare. Somme land som ikkje har underskrive, var imot dette. Det vart til slutt berre små endringar i høve til teksta i fjor.

5.9 MUL-landa

Under debatten om FN's tredje konferanse for minst utvikla land heldt Noreg eit innlegg der det vart lagt vekt både på gjevarlanda og dei minst utvikla landa sitt ansvar for oppfølging av Brussel handlingsprogrammet. Det vart mellom anna peikt på behovet for å følgje opp G8-forpliktingane om auka offisiell utviklingshjelp og signalisert ein auke i norsk offisiell utviklingshjelp til 1 % og støtte til betre handelsvilkår for dei minst utvikla landa. Noreg var, i tillegg til Storbritannia på vegner av EU, det einaste gjevarlandet som tok ordet under debatten. Resolusjonen om femårsgjennomgangen av Brussel-handlingsprogrammet for dei minst utvikla landa, som skal finne stad neste år, dreidde seg først og fremst om korleis den mellomstatlege avslutninga på prosessen skal gjennomførast. For handlingane viste seg uventa vanskelege, og ein enda opp med å votere over ein av paragrafane. Noreg hadde ei fleksibel haldning i forhandlingane, men la vekt på at handlingsprogrammet dreier seg om partnerskap mellom sør og nord, og at det difor var behov for ei tekst med brei oppslutning. G77s framlegg om å arrangere eit høgnivå møte 19.–20. september, med eit tredagars ekspertmøte i byrjinga, vart vedteke.

6 Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Allmenne spørsmål

Årets haustsesjon i generalforsamlinga vart som kjent avvikla like i etterkant av toppmøtet om FN-reform i september 2005. Av vedtaka som vart gjorde på toppmøtet på menneskerettssområdet, må særskilt nemnast doblinga i dei neste fem åra av den regulære budsjettstøtta til kontoret til Høg kommissæren for menneskerettar. Vidare vart det vedteke at Menneskerettskommisjonen (sidan 1946 FNs fremste menneskerettsorgan) skal avløysast av eit nytt menneskerettsråd. Vedtaka på toppmøtet hadde på fleire vis innverknad også på det etterfølgjande arbeidet om menneskerettsspørsmål i tredje komité.

For det første er det grunn til å tru at dei svært lange føregåande forhandlingane om slutterklæringa frå toppmøtet la ein viss dempar på det regulære arbeidet i komiteen. Det tradisjonelt sett svært dynamiske og til tider svært heite forhandlingsklimaet var i år noko mindre dominerande. I tillegg hadde toppmøtet innverknad på arbeidet i komiteen ved at det var knytt stor sensitivitet til kvart spørsmål som kunne oppfattast som ei forskottering av gjennomføringa og iverksetjinga av slutterklæringa. Endeleg greidde ein før toppmøtet ikkje å verte samde om dei nærare rammene for det nye menneskerettsrådet (mandat, storleik, medlemskap osv.). Dette medførte at det vart avvikla konsultasjonar om desse spørsmåla parallelt med komiteens ordinære arbeid. Dette skapte i år ein særleg krevjande arbeidssituasjon i komiteen – ikkje minst for mindre delegasjonar. I ettertid viste det seg likevel at ein heller ikkje greidde å kome til semje om rammene for det nye menneskerettsrådet under haustsesjonen til Generalforsamlinga. Forhandlingane måtte følgjeleg vidareførast på nyåret 2006.

Etter lange forhandlingar vedtok FNs generalforsamling 15. mars 2006 å opprette eit MR-råd til erstatning for MR-kommisjonen. Resolusjonen blei etter krav frå USA vedteke med votering der 170 statar stemte for, USA, Israel, Marshall-øyene og Palau stemte mot og 3 statar var avhaldande. USA var uroa over samansetjinga av Rådet og ville ha garantiar for at det ikkje skulle bli dominert av land som er kjende for grove brot på menneskerettane.

Det er imidlertid innteke kriteriar for val av medlemene og sytt for kontroll av at medlemene overheld menneskerettane. Dette var vurdert som tilstrekkeleg både av framtrедande menneskerettsorganisasjonar og altså av det store fleirtall av FNs medlemsstatar. USA har på si side forsikra at dei vil samarbeide med Rådet.

Den viktigaste skilnaden frå dagens Menneskerettskommisjon, og det som gjer etableringa historisk, er at FNs menneskerettsarbeid er oppgradert, ved at Rådet skal vere direkte underlagt Generalforsamlinga. Dessutan vil Menneskerettsrådet vere eit permanent organ og ikkje berre møtast til ein sesjon ein gong i året. Dette gjer at Rådet på ein heilt annan måte enn Kommisjonen kan overvake menneskerettssituasjonen i verda.

Menneskerettsrådet tar med seg noko av det beste frå Menneskerettskommisjonen, nemleg systemet med spesialrapportørar for bestemte tema og land. Rådet skal også samarbeide med dei ulike komitéane oppretta under FNs menneskerettskonvensjonar, bl.a. FNs menneskerettskomité. Andre viktige trekk ved Rådet er at alle FNs medlemsstatar skal leggjast under periodisk menneskerettskontroll. Det er også viktig at frivillige organisasjonar er sikra ei fortsatt viktig rolle i Rådets arbeid. Menneskerettsrådets første sesjon begynner 19. juni 2006.

Frå norsk side vart det under generalforsamlinga i år presentert heile tre resolusjonar på menneskerettssområdet: 1) CEDAW-resolusjonen (på vegner av dei nordiske landa), 2) resolusjonen om vern av internflyktningar og 3) resolusjonen om menneskerettsforsvararar.

Det viste seg også i år utfordrande å få støtte for tekstframlegga frå alle medlemsstatane i FN. Trass i dette vart både resolusjonen om menneskerettsforsvararar og resolusjonen om vern av internflyktningar, etter lange og vanskelege forhandlingar, vedtekne med konsensus. Dette må karakterisere som eit svært godt resultat når ein tenkjer på sensitiviteten til desse temaa og dagens generelt vanskelege forhandlingsklima på menneskerettssområdet. Alle resolusjonane som Noreg presenterte under årets tredje komité, hadde dessutan fleire medforslagsstillarar enn førre gongen dei vart fremja.

Resolusjonen om konvensjonen om avskaffing av kvinnediskriminering (CEDAW-resolusjonen) vart òg vedteken med støtte frå ein overveldande majoritet av medlemsstatane i FN. Dette skjedde gjennom ei votering som USA bad om, og der dei som einaste land røysta mot teksta. Grunnlaget for den amerikanske motstanden mot resolusjonen var dei auka kostnadene som resolusjonen i år påfører FN-systemet (og dermed indirekte USA som FN's største nominelle bidragsytar). Såleis utvidar resolusjonen den årlege møtetida til overvakingskomiteen for CEDAW-konvensjonen. Vidare vert komiteen splitta i to for innleiande handsaming av rapportane frå statspartane. Dei nordiske statane meinte at begge tiltaka var heilt naudsynte for å setje komiteen i stand til å minske dagens store restanse av rapportar frå statspartane til overvakingsorganet.

I tillegg til eit særskilt fokus på dei tre ovan nemnde resolusjonane la ein frå norsk side under generalforsamlinga i år særleg vekt på resolusjonane om barnerettane, vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme, tortur, urfolk, og kvinne-/jenterettane.

Det norske hovudinnlegget i komiteen var i stor grad konsentrert rundt forhandlingane om oppnemninga av eit nytt menneskerettsråd. I denne samanhengen påpeikte ein frå norsk side mellom anna høva til å skape eit nytt og betre hovudorgan i FN for menneskerettsspørsmål. Samtidig åtvara Noreg mot «å kaste bornet ut med badevatnet». Såleis vart det understreka at det internasjonale menneskerettssystemet, som er bygd opp mødesamt gjennom nesten 60 år, hadde fleire gode sider som ein måtte sikre vart vidare førde av eit nytt organ. Vidare var det norske innlegget mellom anna konsentrert rundt avskaffing av dødsstraff, vern av menneskerettsforvararar, vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme, og behovet for at ein på menneskerettsområdet aukar fokuset på gjennomføring og handheving av rettane som alt eksisterer.

6.2 Menneskerettssituasjonen i einskildland

Parallelt med at ein søkte å meisle ut rammene for eit nytt menneskerettsråd, la EU, Canada og USA også i år fram fleire såkalla *landresolusjonar* i tredje komité. Denne typen resolusjonar har eit særskilt fokus på menneskerettssituasjonen i einskildland. Resolusjonane har gjennom ei årrekke vore omstridde og vert oppfatta som svært stigmatiserande av dei statane dei vert retta mot. Såleis skul

dar mellom andre ei rekke statar resolusjonar av denne arten for å vere eit verkemiddel for vestlege regjeringar til fordømming av svakare og fattige utviklingsland. Det vert vidare hevda at resolusjonane er lite konstruktive som verkemiddel til å fremje menneskerettane og betre situasjonen for einskildindivid i statane som det er tale om. Resolusjonane vert tradisjonelt først og fremst støtta av vestlege og/eller utvikla statar. Denne rolleforde linga medverkar til auka spenningar på menneskerettsområdet, mellom anna langs aksen nord–sør. Frå vestleg side er ein uvillig til å heilt avskaffe bruken av slike resolusjonar. Ikkje minst fordi dette er eit av dei svært få verkemidla ein har overfor statar og regime som grovt neglisjerer dei internasjonale forpliktingane sine på menneskerettsområdet.

Det gjorde seg gjeldande ei viss frykt for at forhandlingar om landresolusjonar ville ha negativ innverknad på dei parallelle forhandlingane om Menneskerettsrådet. Noko uventa vart likevel heile seks av i alt sju landresolusjonar (om høvesvis Iran, Burma, Usbekistan, Turkmenistan, Nord-Korea og DRC) vedtekne etter votering. Resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Sudan vart likevel, paradoksalt nok, ikkje vedteken. Dette var på grunn av ei prosessuell innvending (framlegg om å ikkje handsame substansen i teksta) frå den afrikanske gruppa. Forslaget fekk støtte frå eit fleirtal av medlemsstatane i FN. Som medforslags stillar til alle landresolusjonane var Noreg i kjernegruppa av støttespelarar til tekstene. Vidare røysta Noreg mot den prosessuelle innvendinga som forhindra at Sudan-resolusjonen vart vedteken.

Trass i at nesten alle landresolusjonane i år vart vedtekne, er det med ei viss uro grunn til å merkje seg at ein tidlegare ikkje har hatt like mange prosessuelle innvendingar mot landresolusjonar som i år. Såleis er det neppe grunn til å ta det høge talet på vedtekne landresolusjonar til inntekt for eit mindre vanskeleg klima med omsyn til desse spørsmåla. Framleis er det med andre ord markert og djuptgåande usemje mellom medlemsstatane i FN om bruken av landresolusjonar og einskilde andre menneskerettsspørsmål. Ikkje minst gjeld dette der einskildland vert utsett for kritikk. Dette vert oppfatta av mange statar som utidig innblanding i interne tilhøve i strid med prinsipp om sjølvråde rett og suverenitet.

6.3 Urfolk

Fokuset under årets generalforsamling om urfolk var i stor grad retta mot vedtakinga av handlingsprogrammet for det andre urfolkstiåret. Sjølv ved

taket om at det skal finne stad eit andre urfolkstiår, i direkte forlenging av det første (1994–2004), vart gjort alt under den 59. generalforsamlinga (2004).

Handlingsprogrammet for det andre tiåret vart vedteke på grunnlag av eit utkast til program som var utarbeidd av FN-sekretariatet si avdeling for økonomiske og sosiale spørsmål (DESA). Både medlemsstatar (medrekna Noreg) og FN's fond og program, har i førebuingssprosessen kome med innspel. Noreg var medforslagsstillar til resolusjonen (fremja av Ecuador, Peru og Guatemala) som gjorde at programmet vart vedteke. Ved vedta kinga av handlingsprogrammet er det identifisert seks innsatsområde der det i det neste tiåret vil vere behov for særskilde tiltak om ein skal nå mål setjinga om å skape betre levevilkår for urfolk i verda. Desse områda er 1) kultur, 2) utdanning, 3) helse, 4) menneskerettar, 5) miljø og 6) økonomisk og sosial utvikling.

I debatten om urfolksspørsmål i Generalforsamlinga var det også i år stor merksemd knytt til behovet for å ferdigstille FN's urfolkserklæring. Noreg heldt på sedvanleg vis eit innlegg om urfolk saman med dei andre nordiske landa. Innlegget gav støtte til handlingsprogrammet for det nye urfolkstiåret. Vidare tok ein frå nordisk side til orde for at arbeidet med den internasjonale urfolkserklæringa (påbyrja i 1994) må fullførast så snart som mogleg. Spesialrapportør for urfolksspørsmål, Rodolfo Stavenhagen (Mexico), identifiserte i innlegget sitt tre hovudutfordringar for dagens internasjonale urfolksarbeid: 1) utrydding av ekstrem fattigdom, 2) grunnutdanning for alle og 3) vern av urfolk i væpna konflikhtar. Stavenhagen understreka at fattigdom utgjør eit av dei grovaste brota på menneskerettane, og at urfolk vert ramma særleg hardt av fattigdom samanlikna med andre grupperingar. Spesialrapportør Stavenhagen retta òg særskilt søkjelyset mot at fattigdom blant urfolk går særleg utover kvinnene.

6.4 Kvinner

Handsaminga av likestillingsspørsmål under den 60. generalforsamlinga fall saman i tid med femårsmarkeringa av tryggingrådsresolusjon 1325 (2000) om kvinner, fred og tryggleik. Vidare fann debatten stad like i kjølvatnet av fleire avsløringar om seksuelle overgrep utført av FN's fredstryggjande styrkar. Debatten i komiteen vart i så måte prega av kvinnene si rolle i konfliktløysing og fredsbygging. På den eine sida fokuserte mange land på behovet for vern av kvinner i fredsoperasjonar og postkonfliktområde. På den andre sida vart

behovet for å inkludere kvinner i konfliktløysing og fredsbyggingsprosessar understreka som ein føresetnad for å unngå tilbakefall til konflikt, noko som skjer i 50 % av alle konflikhtar. Det var difor stor semje om at mange av desse problemstillingane botnar i manglande gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1325, og at det er eit stort behov for nasjonale strategiar for gjennomføring.

6.5 Born

Årets debatt om barnerettane fokuserte i grove trekk på nasjonale strategiar for å betre helsetilbodet, utdanninga og dei sosiale tilboda for born og det rettslege vernet av borna. Vidare var det også i år eit sterkt fokus på gjennomføring av og respekt for den tilnærma globalt aksepterte barnekonvensjonen og tilleggssprotokollane til barnekonvensjonen. Noregs innlegg fokuserte mellom anna på vald mot born og statane si plikt til å verne born mot alle former for både fysisk og mental vald. Eit særleg fokus vart sett på born i sårbare grupper som minoritetar, lågkasteborn, innvandrarborn og born i væpna konflikt. Noreg uttrykte vidare sterk støtte til arbeidet med den globale studien om vald mot born. Studien er under utarbeiding av FN's uavhengige ekspert, professor Paulo Pinheiro (Brasil). I denne samanhengen presiserte ein frå norsk side òg at det var viktig at arbeidet med vald mot born ikkje tek slutt med Pinheiros rapport. Vidare understreka det norske innlegget at det var viktig at FN's nye rapporterings- og overvakingssystem om born og væpna konflikt (CAAC) får dei ressursane som krevst for å kunne fungere slik det var meint.

Tradisjonen tru vart resolusjonen om barnerettar framlagt som eit felles tiltak av EU og ei stor gruppe latinamerikanske land. Noreg var også i år medforslagsstillar til teksta. Nytt av året var at teksta fokuserte særskilt på situasjonen for born som er smitta og har fått merke følgjene av hiv/aids. Det vert på dette viset lagt opp til at resolusjonen i dei komande åra skal ha fokus på eit særskilt tema som så årleg vil fornyast. Born og fattigdom er valt som tema for resolusjonen under neste års generalforsamling.

I tillegg til den generelle resolusjonen om barnerettar la ei gruppe sørafrikanske utviklingsland (SADC) med Namibia i spissen fram ein resolusjon med særleg fokus på jenteborn. Noreg stilte for første gong som medforslagsstillar også til denne resolusjonen. Dette vart gjort ikkje minst fordi resolusjonen på fortanestfullt vis tek opp ei rekkje tradisjonelt vanskelege tema. Under dette inne

held teksta mellom anna omtale av jenters seksuelle og reproduktive helserettar. Dette er eit tema som også under generalforsamlinga i år vekte ikkje liten motstand frå ei rekkje meir «verdikonserverative» statar. Den sistnemnde krinsen har tradisjonelt motførestellingar mot FN-tekster som, gjennom meir eller mindre nærliggjande fortolking, kan takast til inntekt for eit liberalt syn på abortproblematikken. Dette trass i at spørsmål knytte til jenters seksuelle og reproduktive helserettar dreier seg om langt fleire og andre spørsmål – for eksempel behovet for informasjon for å hindre ytterlegare spreiding av hiv/aids osv. Elles anerkjenner teksta òg det internasjonale arbeidet for å styrkje standardane for nedkjemping av seksuell utnytting og misbruk av jenteborn og set fokus på «fistula» (underlivsskadar som oppstår ved fødsler, og som unge jenter er særskilt utsette for), som er eit utbreidd helseproblem i einskilde regionar i verda.

6.6 Menneskerettar og terrorisme

Som i tidlegare år fekk vernet av individet sine menneskerettar i kampen mot terrorisme stor merksemd under generalforsamlinga i år. Verda har også i 2005 opplevd ei rekkje terroraksjonar i ulike kulturar og i ulike verdshjørne. Aksjonane har naturleg nok fått stor merksemd hjå presse og media og har vorte møtt med global fordømming. Samtidig har særleg media og det sivile samfunnet i stadig høgare grad også retta søkjelyset mot dei uakseptable verkemidla som tidvis vert tekne i

bruk i kampen mot terrorisme. Frå norsk side deler ein uroa over den utsette stillinga som menneskerettane har i kampen mot terrorisme. Noreg såg det difor naudsynt i hovudinnlegget sitt i tredje komité å på nytt understreke behovet for at kampen mot terrorisme må førast innanfor rammene av folkeretten og med respekt for grunnleggjande menneskerettar. Vidare støtta Noreg den årlege meksikanske resolusjonen om fremjing og vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme. Før målet med resolusjonen i år var i første rekkje å konsolidere mandatet til spesialrapportøren for fremjing og vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme, som vart etablert under menneskerettskommisjonen i Genève våren 2005.

6.7 UNHCR

FNs høgkommissær for flyktningar fokuserte på tre hovudutfordringar for UNHCR – å konfrontere intoleranse, leggje tilhøva til rette for asylsøkjjarar og vere ein effektiv brubyggjar mellom naudhjelp og meir langsiktig utviklingssamarbeid. Høgkommissæren uttrykte seg svært positivt til oppnemning av ein fredsbyggingskommisjon. Høgkommissæren påpeikte at det er store utfordringar når det gjeld internflyktningar. I debatten vart det gjeve mykje ros til UNHCR for opptrappinga av arbeidet med internflyktningar, samtidig som det vart presisert at engasjementet til organisasjonen på dette området ikkje må gå på kostnad av UNHCRs hovudmandat.

7 Avkolonisering og fredstryggjande operasjonar (4. komité)

7.1 Vest-Sahara

Resolusjonen om Vest-Sahara vart på nytt vedteken med konsensus etter at han under generalforsamlinga i 2004 vart teken til votering for første gong sidan 1989. Men Marokko truga også denne gongen først med å bryte konsensus. Algerie la fram eit resolusjonsutkast som var tilnærma identisk med teksta frå 2004, med unntak av referansar til resolusjonar som har vorte vedtekne seinare. Marokko hevdar at utkastet var ubalansert og i for stor grad la vekt på tryggingrådsresolusjon 1495 (2003), som uttrykkjer støtte til fredsplanen som er framlagd av generalsekretærens tidlegare spesialutsending for Vest-Sahara, James Baker (den såkalla Baker-planen). Når Marokko likevel gjekk med på konsensus, vart dette grunngjeve med at dei ønskte å medverke til å skape ein betre atmosfære før den første vitjinga til regionen av generalsekretærens nye spesialutsending Peter van Walsum og drøftingar i Tryggingrådet om framtida til MINURSO (MINURSO = UN Mission for the Referendum in Western Sahara).

7.2 Midtausten

Handsaminga av situasjonen i Midtausten følgde dei same spora som under tidlegare generalforsamlingar. Det var små endringar i røystemønsteret frå tidlegare år, men i innlegga og debatten var det optimisme å spore på grunn av Israels tilbake trekking frå Gaza. Mellom anna gav fleire av dei moderate arabiske landa Israel honnør for tilbake trekkinga. Samtidig vart det understreka at ein hadde klare forventningar om at israelsk tilbake trekking ikkje ville ende med Gaza, men at ein no kunne kome attende til ein politisk prosess, og at tilbaketrekking frå Vestbreidda ville vere ei naturleg følgje av tilbaketrekkinga frå Gaza.

Resolusjonsforhandlingane vart, som tidlegare, i realiteten førde mellom palestinarane og EU utan noka utprega rolle for dei andre medlemslanda. Diskusjonen mellom dei to partane stod om tilvisinga til Israels tilbaketrekking frå Gaza. Dei kom fram til ei løysing som vart retningsgjevande for alle relevante resolusjonar i komiteen.

Noreg la i debatten vekt på det positive ved den israelske tilbaketrekkinga, og understreka at den vidare prosessen må bringast inn under vegkartet. I høve til situasjonen i området understreka Noreg behovet for at palestinske styresmakter effektivt kjempar mot terrorisme, og at Israel har eit ansvar for å leggje til rette for økonomisk vekst og auka velstand i dei palestinske områda.

Canada endra røystemønsteret sitt frå tidlegare og røysta imot ytterlegare ein resolusjon. I debatten sa Canada at fleirtalet av resolusjonane om Midtausten og palestinarane sin situasjon ikkje tener noko anna føremål enn å polarisere Generalforsamlinga, og tok til orde for ei rasjonalisering av arbeidet.

7.3 Fredstryggjande operasjonar

FN er ein svært stor aktør som leiar av internasjonale fredsoperasjonar, særleg på det afrikanske kontinentet. Talet på personell i FN-leidde operasjonar er meir enn femdobla sidan år 2000. I januar 2006 deltek ca. 85 000 personell – militære, politi og sivile – i 15 operasjonar, og sju av desse er i Afrika.

I generaldebatten om FN-leidde operasjonar heldt visegeneralsekretær Jean-Marie Guéhenno eit opningsinnlegg der han særleg framheva at kapasiteten til FN's avdeling for fredstryggjande operasjonar (DPKO) er under vedvarande press. DPKO har personell til å kunne vareta oppstart av ein kompleks operasjon over tolv månader, medan Tryggingrådet i 2004 påla DPKO oppstart av fire operasjonar.

Han understreka òg at FN støttar AU's operasjonar og utvikling av ein afrikansk fredstryggjande kapasitet, både på politisk og teknisk nivå. DPKO har likevel ingen eigen budsjettpost til slik støtte, og meir kunne ha vore gjort med ein betre budsjett situasjon.

Etablering av ein fredsbyggingskommisjon og eit støttekontor for fredsbygging vil kunne vere eit svært positivt tilskot til ei betre samordning av fredsbyggjande aktivitetar. Vidare omtalte han område som seksuelle overgrep gjorde av militære, politi og sivile i FN-operasjonar, gjennomfø

ring av ein ståande politistyrke, auka samarbeid med regionale operasjonar, utvikling og gjennomføring av lokale etterretningskapasitetar og vidare behov for auka fokus innanfor områda leiing og reform med tilvising til FN-toppmøtet.

Dei fleste nasjonane fokuserte på behov for ein gjennomgang av struktur og arbeidsmetodar i DPKO for å sikre at avdelinga har dei ressursane som krevst for å vareta dagens oppgåver. I tillegg omtalte mange nasjonar dagens manglande tryggleik for FN-personell, verdien av solid oppfølging når det gjaldt tiltak for å førebyggje og forhindre seksuelle overgrep, behov for gjennomgang av FN's beredskapssystem (UNSAS), utvikling av

samarbeidet mellom troppebidragsytarar, Tryggingrådet og sekretariatet og behovet for ein klar «exit strategy» for den militære komponenten.

Det norske innlegget fokuserte på styrking av afrikansk fredstryggjande kapasitet, behov for auka samarbeid mellom FN og regionale/multinasjonale organisasjonar, intensivering av arbeidet for å hindre seksuelle overgrep, behov for styrking av den uniformerte kapasiteten i DPKO, behov for ein einsarta kommandostruktur, meir fokus på tryggingssektorreform, behov for gjennomføring av lokale etterretningskapasitetar, og til slutt i innlegget ei klar melding om at Noreg vil auke dei sivile og militære bidraga sine til FN.

8 Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)

8.1 FNs regulære budsjett for perioden 2006–2007

FNs regulære budsjett for perioden 2006–2007 var hovudpunktet i forhandlingane i 5. komité i haust. I tillegg vedtok ein fleire nye budsjett for FNs fredstryggjande operasjonar og krigsforbrytartribunala. Ein drøfta òg spørsmål knytte til administrativ reform i FN og vedtok å løyve midlar til fleire av dei framlagde reformtiltaka.

FNs regulære budsjett omfattar aktivitetane ved FN-sekretariatet og vert finansiert med pliktige bidrag frå medlemslanda. Noregs bidrag utgjer 0,679 prosent av budsjettet. Budsjettet vert vedteke for ein toårsperiode. Generalforsamlinga vedtok 23. desember 2005 eit regulært budsjett på om lag USD 3,79 mrd. for 2006–2007. Dette representerer ein oppgang på om lag 143 mill. i høve til det endelege budsjettet for perioden 2004–2005.

Denne budsjetttramma omfattar løyvingar til tiltak og mandat vedtekne av høgnivåmøtet og finansielle implikasjonar av resolusjonar vedtekne i substantsielle komitear i Generalforsamlinga. Nivået baserer seg på tilrådingane frå Den rådgjevande komiteen for budsjettmessige og administrative spørsmål, som låg noko lågare enn generalsekretærens framlegg, men med eit generelt tilleggskutt på 1,75 prosent. I budsjettet ligg det inne auka løyvingar til norske prioriterte område som menneskerettar, kvinnekommisjonen og kontoret for born og væpna konflikt. Det ligg vidare inne i budsjettvedtaka godkjenning av generalsekretærens framlegg til etablering av eit nytt etikk-kontor, vesentleg styrking av FNs overvakingsorgan og ei prinsipptilslutning til at det vert oppnemnt ein uavhengig rådgjevande revisjonskomité. Mandatet for sistnemnde er ikkje fastsett. Budsjettnivået vert vurdert som adekvat, og det er positivt at ein tok nokre steg vidare i reformprosessen.

Men i resolusjonen er det òg bygd inn ein mekanisme som inneber at generalsekretæren har fullmakt til å berre pådra organisasjonen økonomiske forpliktingar på inntil USD 950 mill. (ca. eit halvt års utgifter). Ei vidare fullmakt til å inngå økonomiske forpliktingar føreset eit nytt vedtak i

Generalforsamlinga. Dette elementet er bygd inn som pressverkemiddel i reformprosessen, som etter planen frå høgnivåmøtet vil kome i første halvår av 2006.

Budsjettforhandlingane var svært vanskelege. Komiteen viste seg i realiteten å vere vedtaksufør. For å unngå ei finansiell krise for organisasjonen var det naudsynt å bringe forhandlingane over i eit anna spor. Siste fase av forhandlingane vart difor førde i ei lita gruppe av ambassadørar, der Storbritannia, som leiar for EU, også forhandla på vegner av Noreg. USA spela ut tidleg i prosessen at ein føretrekte å ikkje vedta noko budsjett for neste toårsperiode før ein såg resultata av reformprosessen som vart initiert av høgnivåmøtet i september 2005. Ein åtvara både frå norsk og EU si side at denne typen pressverkemiddel ville setje organisasjonen i ei finansiell krise og verke mot føremålet sitt. Noreg åtvara òg mot ei forkonfrontatorisk line som ville føre til ytterlegare polarisering i generalforsamlinga. Utviklingslanda uttrykte sterk misnøye med prosessen, som dei tykte var lukka og udemokratisk, og meinte at ein i realiteten berre har vedteke eit seksmånadersbudsjett. USA oppsummerte vedtaket som ein siger.

Taket på USD 950 mill. vil nok verke som eit pressmiddel for visse reformtiltak, men det vil verte ei utfordring å få dei vidare forhandlingane om grunnleggjande og omfattande reform inn i eit konstruktivt spor. I juni 2006 må ein vurdere framdrifta i reformprosessen og ta stilling til om generalsekretæren skal få bruke meir enn ein fjerdedel av budsjettet.

8.2 Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar

Generalforsamlinga vedtok budsjett for krigsforbrytardomstolane i tråd med generalsekretærens framlegg, høvesvis om lag USD 269 mill. for Rwanda og USD 305 mill. for det tidlegare Jugoslavia i 2006–2007. Noreg deltok aktivt i forhandlingane for å få resolusjonen om budsjettet for krigsforbrytardomstolen i Rwanda på plass.

8.3 Finansiering av FNs fredstryggjande operasjonar

FNs fredstryggjande operasjonar vert i utgangs punktet finansierte eitt år om gongen, med eit bud sjettår som går frå 1. juli til 30. juni. Budsjettved taka for FNs fredstryggjande operasjonar vert hovudsakleg gjorde av Generalforsamlinga i juni kvart år. Men det er også naudsynt å handsame budsjettframlegg for ulike fredstryggjande operasjonar gjennom heile året for å kunne operasjonali sere vedtak som Tryggingrådet har gjort om vida reføring.

Under sesjonen denne hausten vedtok General forsamlinga budsjett på om lag USD 419 mill. for FNs fredstryggjande operasjon i Elfenbeinskysten, USD 516 mill. for FNs fredstryggjande operasjon i Haiti, USD 1,137 mrd. for FNs fredstryggjande ope rasjon i Kongo og USD 969 mill. for FNs fredstryg gjande operasjon i Sudan. Noreg koordinerte for handlingane om det sistnemnde budsjettet.

Med desse budsjettvedtaka ligg, per 31. desem ber 2005, det totale budsjettnivået for FNs 15 freds tryggjande operasjonar på vel USD 5 mrd. for peri oden 2005–2006. Desse budsjetta vil i det alt vesentlegaste finansierast gjennom pliktige bidrag frå medlemslanda. Noreg sin del er på 0,679 pro sent.

8.4 FNs finansielle situasjon

Sjølv om FNs finansielle situasjon ikkje er prekær, har organisasjonen framleis sesongprega likvidi tetsproblem på grunn av sein og manglande innbe taling frå medlemslanda. Medlemslanda hadde ved utgangen av 2005 ei samla gjeld til FN på om lag USD 2,756 mrd. Av dette var om lag USD 284 mill. til det regulære budsjettet, USD 2,451 mrd. til FNs fredstryggjande operasjonar, USD 12 mill. til krigs forbrytardomstolane og USD 9,5 mill. til oppgrade ring av bygningsmassen i FN. USA var den største skuldnaren og hadde ved utgangen av 2005 om lag USD 252 mill. i gjeld til FNs regulære budsjett, USD 843 mill. til FNs fredstryggjande operasjonar og USD 12 mill. til krigsforbrytartribunala. Også andre store bidragsytarar som Japan var ved års skiftet bokførde som skuldnarar til budsjetta for dei fredstryggjande operasjonane (USD 845 mill).

8.5 Personalpolitikken

Politikken og regelverket på dette området vert drøfta i ein toårssyklus og vil kome opp som hovud

tema under neste generalforsamling. Som ein del av reformprosessen vart det likevel vedteke end ringar i regelverket som skjerper krava til å leggje fram eigenmeldingar om privatøkonomien og som kategoriserer seksuelt misbruk som eit alvorleg brot på FNs åtferdskodeks.

8.6 Tilsyn og kontroll

Tilsyn og kontroll av sekretariatet si verksemd vert utført av Revisorrådet, som utfører revisjon av rekneskapane, FNs kontor for internt tilsyn (OIOS), som har ei rekkje interne overvakings-, etterforsknings- og evalueringsoppgåver, og FNs inspektørgruppe, som gjennomfører einskilde gjennomgangar av utvalde delar av verksemda.

I dei seinare åra har det vore ei markert styr king av OIOS. Det gjeld både OIOS' kapasitet og sjølvstenda til kontoret i høve til sekretariatet. OIOS har i dei seinare åra avdekt og rapportert til generalforsamlinga om mellom anna seksuelle overgrep gjorde av FN-soldatar og anna misbruk av stilling, og svake innkjøpsrutinar i organisasjo nen. Kontoret vert leidd på undergeneralsekretær nivå, og Inga-Britt Ahlenius (frå Sverige) vart i haust oppnemnd som ny leiar for den neste femårs perioden.

Høgnivåmøtets vedtak i september 2005 inne bar ei ytterlegare styrking av dette kontoret. Det vart vedteke at FNs overvakings- og revisjonssys tem skal gjennomgåast. Generalforsamlinga følgde opp desse vedtaka gjennom budsjettvedtak. Ein gjennomgang av OIOS og FNs overvakings- og revisjonssystem vil verte lagd fram seinare i inne verande generalforsamling.

Den norske hovudlina er at toppleinga i FN har ansvaret for å sørgje for å førebyggje misbruk av stilling til personleg eller nærståande si vinning, korrupsjon og anna uetisk eller kriminell åtferd, og for at kulturen i og identiteten til organisasjonen i praksis kviler på prinsippa som er nedfelt i FN pakta. Ein legg vidare frå norsk side vekt på å styr kje den utøvande leiarskapen i FN slik at ressurs ane til FN kan forvaltast på ein mest mogleg effek tiv måte og i tråd med prioriteringane til medlems landa. Ein legg frå norsk side òg stor vekt på å styrkje overvakingssystemet og at det skal vere sjølvstendig.

Hovudtyngda av rapportane frå Revisorrådet vil kome til handsaming ved neste års generalforsam ling.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

9.1 Allmenne spørsmål

Forhandlingane og debatten i 6. komité gjekk føre seg i ein konstruktiv atmosfære. I 6. komité vert resolusjonane vanlegvis vedtekne med konsensus. Forhandlingane om ein ny terrorismekonvensjon vart førde vidare. Det vart vedteke ein konvensjon om bruk av elektronisk kommunikasjon ved internasjonale kontraktar og ein tilleggsprotokoll til konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell.

Det vart halde felles nordiske innlegg om FN's kommisjon for internasjonal handelsrett (Sverige), om FN's folkerettskommisjon sitt arbeid generelt (Danmark), om fragmentering av folkeretten (Finland), om diplomatisk vern (Noreg), om internasjonale organisasjonars ansvar (Danmark), om delte naturressursar (Noreg), om utvising av utlendingar (Sverige) og om reservasjonar til traktatar (Sverige). Noreg slutta opp om EUs innlegg om spesialkomiteen for FN-pakta og for styrking av organisasjonens rolle, om tilleggsprotokoll til konvensjon om vern av FN-personell og om tiltak for å nedkjempe internasjonal terrorisme.

9.2 Terrorisme

Ein viktig del av FN's arbeid for nedkjemping av terrorisme skjer i Tryggingrådet og i Tryggingrådet sin underkomité som vart oppnemnd i medhald av resolusjon 1373 (2001) – Counter-Terrorism Committee (CTC). Arbeidet til CTC er styrkt gjennom eit eige sekretariat (CTED) med det føremålet å styrkje overvakinga og assistansen til dei medlemslanda som framleis ikkje har gjennomført res. 1373. Tryggingrådet arbeider òg gjennom 1267-komiteen (Taliban/Al Qaida), 1540-komiteen (nukleær terrorisme) og gjennom arbeidsgruppa for resolusjon 1566 (vurdering av nye tiltak for å styrkje FN's arbeid i nedkjempinga av terrorisme). Generalforsamlinga arbeider med sikte på å få vedteke resolusjonar og folkerettslege instrument om nedkjemping av terrorisme. Generalforsamlinga har oppnemnd ein adhokomite som mellom anna har fått mandat til å forhandle fram ein generell konvensjon mot terrorisme og ein konvensjon mot

kjernefysisk terrorisme. Forhandlingane om konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme vart slutt førde på den 59. generalforsamlinga, og Generalforsamlinga vedtok konvensjonen 13. april 2005 med konsensus (resolusjon A/59/290). Toppmøte erklæringa frå opninga av den 60. generalforsamlinga gjev uttrykk for at forhandlingane om ein generell konvensjon mot terrorisme skal slutt førast innan sommaren 2006. Den attståande usemja i desse forhandlingane knyter seg til definisjonen av terrorhandlingar i konfliktsituasjonar. Noreg og alle nærstående land ønskjer ein definisjon av terrorhandlingar for gjennom FN å motverke metodar som råkar uskuldige sivile eller spreier frykt i eit folk, uavhengig av motiva for å ta i bruk slike metodar i den einskilde situasjonen. Andre land ønskjer meir vidtgåande unntak frå terrorismekonvensjonen for handlingar som vert gjorde som eit ledd i ein frigjeringskamp eller kamp mot ulovleg okkupasjon. Det er ikkje semje om formuleringa av slike unntak. Det vart likevel vedteke at adhokomiteen skal vidareføre arbeidet med konvensjonen utover våren 2006.

9.3 Vern av FN-personell

Bruksområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell av 9. desember 1994 har vist seg å vere for snever til å gje effektivt vern, særleg for humanitært og anna sivilt personell som deltek i FN-operasjonar utover fredstryggjande operasjonar. Ein adhokomite vart difor oppnemnd for å vurdere tilrådingane frå generalsekretæren om å utvide bruksområdet for konvensjonen. Forhandlingane om ein tilleggsprotokoll som utvidar bruksområdet for konvensjonen, vart slutt førde under den 60. generalforsamlinga, og resolusjon A/60/42 vart vedteken med konsensus 8. desember 2005. Hovudspørsmålet under forhandlingane var kva typar FN-operasjonar som skulle omfattast av det utvida vernet. Løysinga inneber at alle FN-operasjonar med det føremålet å levere humanitær eller politisk hjelp eller utviklingshjelp som ledd i fredsbygging eller å levere humanitær naudhjelp skal omfattast av føresegnene om vern av personell. Ein vertsstat kan likevel

fastsetje at han ikkje er bunden av konvensjonen dersom ein FN-operasjon vert gjennomført berre som ein respons på ei naturkatastrofe. Noreg har saman med nærstående land teke til orde for ei vidast mogleg forståing av omgrepet «fredsbygging», slik at det vernet som konvensjonen gjev, vert mest mogleg effektivt. Vedtakinga av tilleggssprotokollen er eit viktig steg i arbeidet med å sikre trygge arbeidsvilkår for deltakarar i humanitære operasjonar.

9.4 Andre spørsmål

Generalforsamlingas 6. komité og Folkerettskommisjonen spelar viktige roller i vidareutviklinga og kodifiseringa av folkeretten. Kommisjonen legg årleg fram ein rapport for generalforsamlinga om arbeidet sitt, og 6. komité sa seg nøgd med det arbeidet som kommisjonen har utført i sin 57. sesjon (2005).

Folkerettskommisjonen avslutta ingen tema i år. Noreg kommenterte i innlegg på vegner av dei nordiske landa utkastet til artiklar om diplomatisk vern, som dreier seg om statane sin rett til å intervenere på vegner av individ, først og fremst eigne borgarar. Kommisjonen vedtok i 2004 eit første utkast til artiklar om diplomatisk vern, som dei nordiske landa også har gjeve felles skriftlege merkna

der til. Dei nordiske landa er i all hovudsak nøgde med det føreliggjande utkastet til artiklar. Noreg heldt også på vegner av dei nordiske landa eit innlegg om temaet delte naturressursar, der det vart hevda at omgrepet «delte naturressursar» er misvisande, og at det er meir treffande å snakke om «grenseoverskridande naturressursar». Kommisjonens spesialrapportør la i den 57. sesjonen under dette temaet fram eit fullstendig utkast til føresegnar i ein framtidig konvensjon om grenseoverskridande førekomstar av grunnvatn. Folkerettskommisjonen heldt i sin 57. sesjon fram handaminga av temaa internasjonale organisasjonars ansvar, einsidige statshandlingar, reservasjonar til traktatar og fragmentering av folkeretten. I tillegg vart to nye tema tekne opp på agendaen til kommisjonen: utvising av utlendingar og verknaden av væpna konflikhtar på traktatar.

Utenriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utenriksdepartementet av 28. april 2006 om Noregs deltaking i den 60. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 59. generalforsamling blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Tale av Kjell Magne Bondevik, statsminister i Noreg***New York, 16. september 2005*

President, eksellensar.

For fem år sidan vart vi samde om tusenårs måla. Vi bør halde dei løfta vi gjev. Eg ser difor med glede på forpliktinga vår til å auke den offisielle utviklingshjelpa.

Verda ventar av oss at vi skal *utrydde fattigdom* *men* – å gjere fattigdom til noko som oldeborna våre kjem til å lese om, men ikkje eigentleg forstå, slik som pestane i middelalderen. Vi kan gjere det. Og vi må gjere det:

Ved å gje meir støtte til freistnadene som utviklingslanda gjer. Ved å involvere kvinner fullt ut i det edle prosjektet vårt på grunnlag av likestilling mellom kjønna. Ved å minske handelshindringar. Ved å fremje investeringar og sosial utvikling. Ved å mobilisere næringslivet og det sivile samfunnet – i både rike og fattige land – i krigen mot fattigdom. Og, som ein god bonde, forvalte jorda og ressursane på ein slik måte at det gagnar ikkje berre noverande, *men* òg framtidige generasjonar.

Utvikling krev òg eit *godt styresett*. Det krevst medviten innsats for å nedkjempe korrupsjon. Det inneber ei ansvarleg og ope regjering – av og for folket.

Til slutt handlar godt styresett om demokrati og *menneskerettar*. Ytringsfridom, fridom til å søkje opplysing, fridom frå diskriminering – desse rettane set ikkje folk i stand berre til å bruke og utvikle dei gudgjevne talenta sine, men òg til å yte meir til samfunnet. Menneskerettane må integrerast fullt ut i alle FN-aktivitetar. Eg ser difor med glede på at FN's høgkommissariat for flyktningar vert styrkt.

Når eit medmenneske treng *vern*, har vi plikt til å hjelpe. Eitt av resultatane av dette toppmøtet er viljen til å gå saman – gjennom Tryggingrådet – om å verne. Vi vil gjere det dersom fredelege middel vert funne utilstrekkelege, og dersom nasjonale styresmakter klart lét vere å verne «folket sitt mot folkemord, krigsbrottsverk, etnisk reinsing og brotsverk mot menneskja.»

Å halde ved lag fred og tryggleik var, og er framleis, målet til organisasjonen. Å førebyggje og gjere

slutt på væpna konflikhtar, å stabilisere og å byggje opp att mislukka statar ... dette er store og saman sette oppgåver. Eg trur Fredsbyggingskommisjonen og Fredsbyggingsfondet vil setje FN betre i stand til å ta desse utfordringane. Det er ei glede for meg å kunngjere at Noreg vil gje fondet USD 15 mill., og like mykje til Humanitærfondet.

Men FN kan ikkje gjere mykje åleine. Alle medlemsstatane må forplikte seg – alle vi som er her i dag – og det trengst ein ny partnerskap mellom FN og regionale organisasjonar. Vi – medlemsstatane – må gjennomføre kollektive, og effektive, tiltak for å halde ved lag fred og tryggleik, og for å førebyggje og fjerne trugsmål mot menneskja.

Eitt av dei områda vi prioriterer høgast, er nedrusting og *ikkje-spreiing*. Vi ser ein veksande *fare* for spreiging, for katastrofisk terrorisme. Alle statar må arbeide for nedrusting og ikkje-spreiing. Likevel greidde ikkje verdstoppmøtet vårt å skape semje om korleis ein skulle møte desse verkeleg globale trugsmåla. Dette seier vi oss svært lei for. Noreg vil framleis søkje ny semje og oppnå resultat.

Med sine vonde handlingar går *terroristar* til åtak på verdiane som både alle dei store religionane og Dei sameinte nasjonane har. Vi må gjere alt vi kan innanfor ramma av folkeretten for å stoppe dei. Krigen mot terrorisme kan ikkje vinast med berre militære middel. Vi treng ein brei tilnærmingsmåte. Eg trur den beste strategien er å ta fatt i dei underliggjande årsakene til terrorisme – til dømes væpna konflikt og okkupasjon, intoleranse og undertrykking, audmjuking og vonløyse.

Det er nettopp desse oppgåvene vi overlét til FN i 1945. Dei er like aktuelle i dag. Og vi, folka i Dei sameinte nasjonane, treng meir enn nokon gong eit sterkt FN til å løyse dei. Så la oss, saman, leve opp til forpliktingane våre og *gjere FN til den sterke og fleksible organisasjonen* vi så desperat treng. Lat oss verte samde om å handle. No!

Takk for merksemda.

Vedlegg 2**Tale av Jan Petersen, utanriksminister***New York, 23. september 2005*

President.

For seksti år sidan vart Dei sameinte nasjonane grunnlagde som eit ledd i gjenreisinga etter den andre verdskrigen. Etableringa av organisasjonen vår oppfylte folks ønske om ei betre og tryggare framtid. Noreg fekk æra av å stille den første generalsekretæren, Trygve Lie.

Sist veke vart det semje om eit sluttdokument frå toppmøtet. Dokumentet svarer ikkje til vonene. Likevel gjev det ein viktig peikepinn om korleis FN kan spele ei betre og sterkare rolle i arbeidet med å skape fred og tryggleik og fremje menneske rettar og utvikling.

På visse område har medlemslanda gjort store framsteg. På andre felt er det grunn til å vente meir. Mest av alt har eg vona – og arbeidd for – å få utforma eit sterkt og klårt dokument om nedrusting og ikkje-spreiing. Spreiinga av masseødeleg gingsvåpen er eit grunnleggjande trugsmål. Faren for spreiging og for katastrofale terroråtak aukar. Samstundes er det somme som ikkje vil godta at alle statar lyt arbeide for nedrusting og ikkje-spreiing. I generalforsamlinga den siste veka har eg gong på gong høyrte vitnemål om viljen til å løyse felles problem. Likevel har det vore uråd å nå ei semje om korleis desse verkeleg verdsfemnande trugsmåla skal møtast. Eg kan love dykk at Noreg vil ta opp utfordringa frå generalsekretæren og halde fram arbeidet for semje og handgripelege løysingar. Dette skal vi gjere i lag med Australia, Chile, Indonesia, Romania, Sør-Afrika, Storbritania og alle dei landa som har stødd oss i arbeidet.

Vi må dessutan snarast kome vidare i arbeidet med å hindre spreiging av handvåpen og lette våpen. Noreg er tilfreds med at sluttdokumentet seier at FN-programmet for tiltak mot handvåpen skal setjast i verk. Men vi skulle ønskje at det vart lagt meir vekt på å kontrollere internasjonal handel med slike våpen gjennom juridisk bindande avtaler.

Det internasjonale samfunnet er nøydd til å samarbeide i møte med dei globale utfordringane. Vi står overfor ei heil rekkje nye utfordringar og trugsmål. Den nemnde faren for våpenspreiing er eit av trugsmåla. Terrorisme er eit anna. Spreiinga

av nye infeksjonssjukdommar er òg illevarslande. Svaret er multilateralisme. Vi må møte alle desse trugsmåla i lag og bli samde om korleis dei skal møtast. Vi må òg heile tida reformere og tilpasse den globale arenaen slik at FN alltid er i best mogleg stand til å utføre oppgåvene sine. Vi kan ikkje skulde på andre om organisasjonen ikkje fungerer som han skal. Som generalsekretæren sa i talen sin til toppmøtet: «Same kva vi måtte vere usamde om, utgjer verda ein heilskap der vi står og fell med kvarandre.»

Det største ansvaret kviler på dei sterke, som må gje dei svake vern. Det største nederlaget lir vi FN-medlemmer når vi ikkje maktar å hindre ugjerningar mot uskuldelege sivile. For første gong har medlemslanda knesett prinsippet om ansvar for å gje vern. Det skaper eit viktig, nytt grunnlag for kollektiv handling mot folkemord, brotsverk mot menneskja, etnisk reinsing og krigsbrotsverk. Vi har no dei reiskapane som trengst for å hindre eit nytt Srebrenica og eit nytt Rwanda.

Det trengst breiare semje om kollektiv handling og tidleg diplomatisk respons for å hindre valdelege konflikhtar. Ei stor og vanskeleg utfordring for FN er å hjelpe kriseutsette land. Det same gjeld å støtte land som er råka av konflikt eller står i overgangen frå krig til fred. Fredsprosessen mellom regjeringa på Sri Lanka og Tamiltigrane (LTTE), der Noreg har ei meklarrolle, har fått god støtte av FN. FN's humanitære hjelp og utviklingshjelp til alle område på Sri Lanka har vore avgjerande.

Difor er eg glad for at det skal setjast ned ein fredsbyggingskommisjon for å fordele ressursar, gje råd og leggje omfattande planar for fredsbygging og atterreising etter konflikhtar. Stoda i Sudan, Den demokratiske republikken Kongo og andre konfliktråka regionar viser tydeleg at det trengst ein fredsbyggingskommisjon. Så lenge saka står på saksslista til Tryggingrådet, bør kommisjonen spele ei rådgjevarrolle. Noreg vil yte eit tilskot på 15 millionar dollar til fredsbyggingsfondet.

I etableringa av fredsbyggingskommisjonen bør rolla og behova til kvinnene kome klårt til uttrykk. Kommisjonen bør gjere sitt til å innfri

skyldnadene som er nedfelte i tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik (2000).

Noreg står etableringa av fredsbyggingskommisjonen, men understrekar samstundes sterkt kor viktig det er å halde oppe og styrkje den rolla som generalsekretæren spelar som initiativtakar i meklingsarbeidet sitt.

President.

Medan vi samlast til møte her i New York, står kring ti millionar menneske i det sørlege Afrika overfor ein situasjon med alvorleg matmangel. Generalsekretæren seier at den kroniske krise i regionen kjem av ein kombinasjon av hiv/aids, matvareutryggleik og redusert styringsevne. Dei siste månadene har det dessutan vore alvorleg tørke i Niger og delar av Sahel-området.

FNs reaksjonsevne i dag kallar på reformer. Den humanitære innsatsen må kome fortare og meir føreseieleg og fordelast meir rettvist. Eit betre og større humanitært krisefond (CERF) er eit viktig steg i rett lei. Det same er betre samordning i felten, der det humanitære samordningssystemet er eit av midla. Generalforsamlinga må no gjere dei vedtaka som trengst for å få det nye fondet i drift så snart som råd. Noreg har lova å gje 15 millionar USD til fondet, og vi er budde på å hjelpe til med å få dei naudsynte organisatoriske rammane på plass.

FN yter avgjerande tilskot til utvikling i verda. Nokre av dei viktigaste resultatane frå toppmøtet var at alle slutta opp om tusenårsmåla og på ny sa seg villige til å nå dei innan 2015. Eit anna viktig resultat er at særleg EU og G8 i førebuingane til møtet sterkare enn før forplikta seg til gjeldslette og auka offentleg utviklingshjelp. Verdssamfunnet må no syte for at lovnadene blir haldne i praksis, og at det framleis blir retta sterk merksemd mot Afrika. Noreg vil yte sin skjerv ved å auke den offentlege utviklingshjelpa til Afrika med 150 millionar USD for 2006.

Internasjonal handel er ein føresetnad for økonomisk vekst og utvikling. Noreg står opp om vidare utvikling av eit regelbasert og rettvist multilateralt handelssystem. Forhandlingane som blir førde i Verdas handelsorganisasjon, nærmar seg eit viktig vegskilje i Hongkong i desember. Vi må auke innsatsen for å få sett heile Doha-arbeidsprogrammet ut i livet slik at vi kjem i mål med Doha utviklingsrunden i 2006. Det må leggjast særleg vinn på å oppfylle behova og interessene til utviklingsland.

Inga sak kan rettferdiggjere terrorhandlingar. FN bør ha ei sentral rolle med å leie og samordne

den internasjonale kampen mot terrorisme. Tiltaka mot dette trugsmålet må femne breitt, slik generalsekretæren har tilrådd. Striden mot terrorisme må vere lovbasert. FN si rolle er avgjerande, sidan FN kan gje oss dei juridiske reiskapane og rammene som trengst. Eg oppmodar alle medlemslanda om å underskrive og ratifisere dei tretten terrorrelaterte FN-konvensjonane og setje dei ut i livet. Noreg står sterkt opp om arbeidet for å verkeleg gjere FN's omfattande konvensjon om internasjonal terrorisme.

Kampen mot terrorisme må først med eit breitt spekter av verkemiddel, medrekna militære og juridiske. Vi må òg ta opp andre trugsmål mot fred og stabilitet, så som fattigdom og arbeidsløyse, manglande sosiale og politiske rettar og fråvær av rettstryggleik og allmenn skulegang. FN har ei viktig rolle å spele på alle desse områda. FN har meir røynsle med desse problema enn nokon annan organisasjon og har dei beste reiskapane til å arbeide med dei.

